

# **Liten og nett**

**Strategi og handlingsplan for fleksible studium ved  
Diakonhjemmets høgskole**

**Gurid Aga Askeland og Vidar Tobiassen**

**Diakonhjemmets høgskole 2002**

## **Forord**

### **Fra fleksibel utdanning til fleksibel høgskole?**

Fjernundervisning/fleksibel utdanning har siden tidlig 1990-tall vært definert som et eget satsings- og virksomhetsområde i norsk, høgre utdanning. Fra å være en avgrenset, marginal virksomhet for spesielt interesserte, har det etter hvert blitt en aktivitet som alle høgskoler og universitet har måttet forholde seg til som organisatorisk utfordring. Denne utfordringen vil bli stadig mer markert, ikke minst fordi det innen Kvalitetsreformen understrekkes at mer fleksible studieformer, herunder bruk av IKT, etter hvert bør prege alle studier.

Ansatte ved Diakonhjemmets høgskole hører med til pionerene når det gjelder fjernundervisning og fleksibel utdanning ved norske universitet og høgskoler. Dette gjelder spesielt for hvordan man har arbeidet med alternative, modeller for profesjonsutdanninger. Gjennom de fleksible studietilbud man har utviklet og tilbuddt, har man ikke bare aktivt bidratt til ”mer kunnskap til flere”, man har i aller høyeste grad bidratt til å utvikle profesjonsutdanninger mer allment.

Det har vært spennende og givende å få lov til å være med i det utredningsarbeidet som her foreligger. Det har vært givende fordi arbeidet har vært utført med kompetanse, engasjement og begeistring både på fagenes og institusjonens vegne. Det har vært spennende fordi man har klart å tenke dristig og fremtidsrettet uten å bli unrealistisk. Det foreslås nemlig at fleksibilitet ikke bare skal være et kjennetegn ved deler av utdanningsvirksomheten, men kjennetegne Diakonhjemmets høgskole som institusjon. En slik institusjonell, helhetlig tilnærming har få, om noen, norske offentlige utdanningsinstitusjoner så langt turt å legge til grunn. Denne utredningen underbygger høgskolens renommé som pioner og nyskaper. Slik sett har høgskolen er forsprang på høgre utdanning for øvrig, et forsprang som bør utnyttes strategisk, politisk og økonomisk.

Veien fra visjon til virke kan virke lang og kronglet, ikke minst i høgre utdanning. Det gjør også at mange av de gode planer som er laget, legges i skuffer og skap for godt. Det er å håpe på at denne utredningen ikke lider samme skjebne. En annen ikke ukjent strategi i innovasjonssammenheng er at man bare forsøker å realisere de forslag som enklest passer inn i det etablerte organisasjonsmønsteret. Resultatet av dette er ofte at selve grunnideen nøytraliseres og lite reell forandring finner sted. Mitt råd til Diakonhjemmets høgskole er at man legger stor vekt på å unngå en slik ”nøytraliserings- og delstrategi” og i stedet lar seg inspirere til nytenkning og nyskapning, slik utredningen foreslår.

Tromsø, 16.12.02

Gunnar Grepperud  
Professor

# Forord

For utarbeiding av strategi og handlingsplan for Diakonhjemmets høgskole som framtidsretta fleksibel undervisningsinstitusjon, har det på den eine sida vore viktig å leggja til grunn erfaringar Høgskolen har hatt med fjernundervisning sidan 1991. På den andre sida har det også vore naudsynleg og verdifullt å samla erfaringar frå andre som har drive i same feltet. Både ressursgruppa og dei som har sett av tid til oss på våre studievitjingar har inspirert og gjeve oss idear som gjenspeglar seg i denne rapporten. Takk til alle som har delt sine erfaringar, tankar og idear med oss.

Rapporten er delt inn i fem kapittel. Fyrste kapitlet omhandlar bakgrunnen for at denne utgreiinga kom i stand og erfaringar med fjernundervisning. Andre kapitlet gjev ei innføring i eksterne og interne rammevilkår som argumentasjon for omstilling til fleksibel undervisningsinstitusjon. Tredje kapitlet gjev eit oversyn over omgrep som går att i fjernundervisningslitteratur, og gjev ei særskilt oppsummering av erfaringar med bruk av teknologiske hjelpemiddel i fjernundervisninga på Høgskolen. Femte kapittel er det viktigaste kapittelet. Det inneheld framleget til ei heilskapleg framtidig organisering av Diakonhjemmets høgskole som fleksibel utdanningsinstitusjon. Eit siste kapittel har ei oppsummering av dei viktigaste punkta i kapittel fem og kan gjerne lesast som ei kort innføring til planen. Rapporten har tre vedlegg som er for spesielt interesserte.

I tillegg til mandatet som står i fyrste kapitlet fekk me nokre føringar ved oppstart av arbeidet vårt. Det skulle lagast ei oppsummering av status for fjernundervisninga ved Høgskolen. Denne vart lagt fram for Rektormøtet 14.03.02 (sjå vedlegg 1). Vidare skulle me arrangera eit obligatorisk seminar i fjernundervisning for heile staben ved Høgskolen.

Ved ferdigstilling av rapporten har me fordelt hovudansvaret mellom oss for utskriving av dei ulike delane. Me har gjennomgått heile rapporten saman og står begge inne for innhaldet i rapporten.

Oslo 17.12.2002

Gurid Aga Askeland og Vidar Tobiassen

# Liten og nett

## Strategi og handlingsplan for fleksible studium ved Diakonhjemmets høgskole

I. BAKGRUNN OG HISTORIE .....	6
Mandat og organisering .....	6
Arbeidsform og –oppgåver .....	6
Tilsette og studentar.....	7
Erfaringar med fjernundervisning .....	7
Institusjonssamarbeid om fjernundervisning .....	8
Høgskolen i Oslo - DSU .....	8
Kommunale samarbeidspartnarar - Diafus.....	8
Midt i Norden .....	9
SOFF .....	9
Kunnskapskanalen .....	9
Norgesuniversitetet .....	10
II. INTERNE OG EKSTERNE RAMMEVILKÅR .....	10
Fjernundervisningsutvalet ved Diakonhjemmets høgskole .....	11
Mål i Strategiplanen for Det Norske Diakonhjem 2002 – 2006 .....	12
Kvalitetsreformen .....	13
Mjøsutvalet.....	13
Kompetansereformen.....	13
III. OMGREP OG TEKNOLOGI .....	14
Figur 1 Generasjonar i fjernundervisning .....	14
Erfaringar med teknologi .....	16
IV. STRATEGISKE VISJONAR OG MÅL .....	18
V. HANDLINGSPLAN .....	19
Modellar for organisering av fleksible studium .....	19
Generelle modellar.....	19
Val av organisasjonsmodell og forankring i institusjonen.....	20
Refleks .....	20
Oppgåver og ansvar i avdelingane .....	25
Studiemodell, pedagogikk og teknikk .....	26
Kombinerte studium .....	26
Studieforlaup .....	26
Pedagogikk .....	27
Studentrolla .....	27
Lærarrolla .....	29
Teknikk .....	32
FOU og FU – koalisjon eller kollisjon?.....	34
Samarbeid med andre institusjonar .....	35
Aktuelle norske samarbeidspartnarar .....	36
Internasjonalt samarbeid .....	37
Økonomi .....	38
Implementering .....	39
IV. OPPSUMMERING AV HOVUDPUNKTA I PLANEN .....	39
Visjon og mål .....	39

Val av organisasjonsmodell .....	40
Pedagogisk utviklingssenter - Refleks .....	41
Studiemodell og pedagogikk .....	41
FOU .....	41
Samarbeid.....	42
Økonomi.....	42
Implementering.....	42
Strategiplan for Det norske Diakonhjem 2002 – 2006. VEDLEGG 1 .....	44
<b>VEDLEGG 1 .....</b>	<b>45</b>
Utdrag av Rapport til Rektormøtet 14.03.02.....	45
<b>VEDLEGG 2 .....</b>	<b>51</b>
Institusjonssamarbeid .....	51
Midt i Norden .....	51
SOFF .....	51
<b>VEDLEGG 3 .....</b>	<b>53</b>

## I. BAKGRUNN OG HISTORIE

### *Mandat og organisering*

På bakgrunn av innstilling fra Fjernundervisningsutvalet til rektormøtet i 1999 oppretta Diakonhjemmets høgskole ein eittårig prosjektstilling frå 01.01.02 med følgjande mandat:

- Utarbeide strategi for høgskolesenterets satsing på fleksible læringsformer
- Foreslå modell for organisering av fjernundervisning i høgskolesenteret
- Bidra til implementering av fleksible læringsformer på avdelingsnivå
- Bidra til kompetanseheving for tilsette
- Utvikla samarbeidsrelasjoner med andre aktuelle høgskoler som arbeider med fleksible læringsformer

Stillinga vart delt på to personar, den eine med bakgrunn i sosialt arbeid/pedagogikk og den andre med hovudvekt på teknisk erfaring frå sjukepleiarutdanninga.

Ressursgruppa for prosjektet har hatt følgjande medlemmer:

Toril Eikaas Eide, seniorkonsulent, Universitetet i Bergen

Gunnar Grepperud, professor i Universitetet i Tromsø

Elisabeth Brodtkorb, studierektor Diasos

Hilde Trygstad, biblioteksleiar, Biblioteket

Randi Skår, høgskolelektor Diasyk

Olav Dalland, 1. amanuensis Diasyk

Ressursgruppa har hatt to møte.

### *Arbeidsform og –oppgåver*

Strategi og handlingsplanen har teke utgangspunkt i ein rapport og innstilling frå Fjernundervisningsutvalet 1999 og er inspirert av evalueringsrapporten om Deltids sosionomutdanning (DSU) (Dalland og Raustøl, 1997).

Prosjektmedarbeidarane har hatt møte med alle avdelingane på Høgskolen og har på bakgrunn av det laga ein statusrapport over erfaringar med fjernundervisning og planar og motivasjon for framtidig utvikling av fleksible studieopplegg.

Strategi og handlingsplanen byggjer i tillegg på innsamla informasjon frå Soff-konferanse, konferanse om fjernundervisning på Høgskolen i Oslo (HiO), konferanse arrangert av Norgesuniversitetet, seminar om internettbaserte læremiddel i regi av Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening og eit dansk nettbasert masterstudium i IKT og Læring for ein av prosjektmedarbeidararne. Det ligg også til grunn inspirasjon frå studievitjing til Universitetet i Tromsø, høgskulane i Hedmark, Tromsø, Alta og Harstad, NKI og Læringssenteret ved Ullevål sjukehus og kontakt med Midt i Norden. Rektormøtet har vorte orientert tre gonger om arbeidet. På det eine møtet heldt professor i fjernundervisning Annette Lorentsen, Ålborg universitet innleiing. Strategiplanar, rapportar og artiklar om fjernundervisning og fleksible studium frå inn- og utland, er brukte som bakgrunnsmateriale.

Ein av prosjektmedarbeidarane har vore medlem i eit ad hoc utval nedsett av Primærleiarmøtet (PLM) for Det Norske Diakonhjem. Med utgangspunkt i *Strategiplanen for Det Norske Diakonhjem 2002 – 2006* skulle utvalet utgreia utvikling av eit

Læringsressurssenter for heile stiftinga. Utvalet la fram sin rapport 14.05.02 for PLM som vedtok å utsetja saka.

Ein del av oppgåva i prosjektet har vore å undersøkja og vurdera andre, nye teknologiske verkty. Dette har blitt gjennomført ved vurdering blant anna av utstyr til bruk i videokonferanser og bedriftsbesøk hos IBIS i Tromsø som tilbyr opplæring i ulike programvarer via Internett.

Prosjektmedarbeidarane har også aktivt initiert og deltatt i utforming og skrive fleire søknader. Dei har informert Høgskolemiljøet om tema for søknader og freistar frå blant anna SOFF og andre finasieringskjelder. Dei har invitert til tverrskulert møte med tanke på å samordne Høgskolens SOFF søknader og har deltatt aktivt i prosessen. Ein av medarbeidarane har også deltatt i samarbeidet mellom Diasyk og Høgskolen i Telemark.

### **Tilsette og studentar**

Høgskolen har i dag 122 tilsette, fordelt med 87 fagleg tilsette og 34 administrativt tilsette. Fordelinga på avdelingane er som følgjer:

Diasyk	29 fagpersonar	4 administrativt personar
Diasos	16 fagpersonar	4 administrativt personar
Diatehs	9 fagpersonar	1 administrativt personar
Diavett	16 fagpersonar	6 administrativt personar
Diaforsk	10 fagpersonar	2 administrativt personar
DIS	4 fagpersonar	1 administrativt personar
Sentraladministrasjonen	2 fagpersonar	16 administrativt personar
Bibliotek	4 fagpersonar	

Dette oversynet viser berre tala på personar og skil ikkje mellom heil- og deltidsstillingar. Tala kan ikkje brukast til å direkte avlesa forholdet mellom studentar og lærarar og heller ikkje mellom fagpersonar og administrativt tilsette. Nokre stillingar er av praktiske grunnar tillagde visse avdelingar som at trykkeribetjenten hører inn under Diaforsk og studentpresten under Diatehs. Nokre avdelingar har dessutan personale i kortare og lengre permisjonar.

Studenttalet (2002) er fordelt på

Diasyk	189 heiltidsstudentar	157 Diafusstudentar
Diasos	182 heiltidsstudentar	114 DSU studentar
Diatehs	16 heiltidsstudentar	54 deltidsstudentar (21,5 heiltidsekvivalentar)
Diavett (2001)	1176 vidareutdanningsstudentar (deltid)	(294 heiltidsekvivalentar) 970 etterutdanningsstudentar (22,24 heiltidsekvivalentar)

### **Erfaringar med fjernundervisning**

For å få eit oversyn over erfaringar med og synspunkt på fjernundervisning på Høgskolen har prosjektmedarbeidarane deltatt på stabsmøte på dei ulike avdelingane og hatt samtaler med sentrale grupper og einskildpersoner. Utgangspunktet for samtalane har vore ei spørsmålsliste, og det er skrive referat frå kvart møte (sjå vedlegg 1).

Ein samla rapport vart lagd fram på Rektormøte 14.03.02. Vurderinga til prosjektmedarbeidarane på det tidspunktet var at det er stor skilnad på og spreiing mellom avdelingane både når det gjeld kunnskapar om, erfaringar med og haldningar til fjernundervisning. Det var vanskeleg å få eit fullstendig bilet av kompetanse og haldningar

hos einskildpersonar då stabane ikkje var fulltalige på møta. På den eine sida finst det einskildpersonar og grupper med mykje kompetanse og engasjement innan fjernundervisning på Høgskolen. På den andre sida er det nokre som ikkje veit kva fjernundervisning er, og forbind det med bruk av einskilde tekniske hjelpemidlar som Luvit eller videokonferanse. Andre igjen gjev generelt uttrykk for skepsis som kan koma dels av mangel på direkte kjennskap til kva som er mogleg i fjernundervisning metodisk, fagleg og/eller pedagogisk.

Det kom fram at der er store behov for og ynskje om opplæring på ulike nivå og at Høgskolen manglar ekspertise som dekkar ulike spisskompetansar i fjernundervisning. Eit gjennomgangstema var at det eksisterer lite internt samarbeid mellom avdelingane og at det er vanskeleg å få dette til. Ved etablering av Diafus vart erfaringar frå DSU lagde til grunn. Dette skjedde fordi ein av dei som skrev evalueringssrapporten for DSU (Dalland og Raustøl, 1997) var med på å initiera Diafus. Tilbakeføring og seinare utveksling av erfaringar mellom avdelingane har skjedd i liten grad. Det er eit paradoks at Diasos går frå eit klart skilje mellom nær- og fjernstudia, mens signala blant Diafusmedarbeidarane er at dei ynskjer det motsette – eit klarare skilje mellom nær- og fjernstudium.

Det er ein positiv tendens at fleire avdelingar i laupet av året har sett seg inn i og teke i bruk Luvit som eit administrativt og pedagogisk verkty. Dette er ein fylgje av den opplæringa og servicen som Webmaster og ein av prosjektmedarbeidarane har ytt.

På spørsmål om modell for framtidig organisering av fleksible studium på Høgskolen kom det ikkje noko eintydig framlegg til løysing frå avdelingane. Alle avdelingane gjev uttrykk for at dei ynskjer eit ressursmiljø som dels kan bidra til å auka kompetansen og dels yta service. Utover det varierer det i kor stor grad dei einskilde avdelingane ynskjer å byggja opp eigen fagleg og pedagogisk kompetanse og sjølv stå for drifta.

Endringskompetansen på Høgskolen i høve til omlegging til fleksibel høgskole vil vera avhengig av kunnskapen om og engasjementet i fjernundervisning, så vel som skepsis og motstand i staben. Begge delar kan få konsekvensar i høve til val av framtidig organisasjonsmodell og progresjon i utvikling.

## ***Institusjonssamarbeid om fjernundervisning***

### **Høgskolen i Oslo - DSU**

DSU hadde frå opprettิงa av studiet i 1991 t.o.m. opptak av studentar i 2000 samarbeid med Høgskolen i Oslo, avd. ØKS. Samarbeidet omfatta utvikling av studieopplegg og -materiell og gjennomføring av undervisninga. Samarbeidet vart avslutta då DSU på Diasos skulle samordnast med heiltids sosionomutdanning etter ny fagplan. Det føreligg inga skriftleg evaluering av institusjonssamarbeidet. Det er publisert to artiklar om erfaringar med DSU studiet (Slettebø, 1997, Slettebø, 2002).

### **Kommunale samarbeidspartnarar - Diafus**

Deltidssjukepleieutdanning (Diafus) samarbeidde ved opprettิงa av studiet i 1997 med Bærum kommune og kommunar i Telemark. Kommunane betalte Diakonhjemmets høgskole, Diasyk kr. 50.000,- pr. student. Kommunen hadde ansvar for praksisplassar og gav studentane permisjon med løn til samlingar og praksis. Dette økonomiske samarbeidet opphøyrd i 2002. Det er publisert ein artikkel om erfaringar med Diafus studiet (Dalland, 2002).

I samarbeid med Midt i Norden starta Diafus opp med sitt første kull på 25 studentar i Vadsø i november 2002. Dette er mogeleg pga. ei ekstra statleg løyving på kr. 900.000,- i 2002. På samlingar vil det vera videooverførte førelesningar (undervisning) mellom Diakonhjemmet og Vadsø begge vegar.

Diasyk har inngått ein intensjonsavtale med Høgskolen i Telemark, sjukepleiarutdanninga om samarbeid om utvikling av fleksible studium.

### **Midt i Norden**

Utviklinga av Midt i Norden (MIN [www.midtinorden.no](http://www.midtinorden.no)) starta i 1996. I mars 2000 vart selskapet formelt etablert og er eigt av kommunar/utviklingselskap. MIN vil auke tilgangen til kurs og utdanninger på mindre stader som isolert sett ikkje har grunnlag for dette. MIN ynskjer at nettverk og teamarbeid skal skape ringverknader i lokalsamfunna. MIN skal vera ein samlende faktor og ein bindelekk mellom etterspørjarar og tilbydarar av kurs og utdanning i nettverket.

Høgskolen tilbyr i prinsippet alle sine kurs og utdanninger gjennom MIN. Hittil har Diavett og Diasyk hatt mest aktivitet i nettverket. Diavett har gjennomført fleire korte ikke-kompetansegevande kurs, medan Diasyk tok opp 29 studentar frå Finnmark og Møre- og Romsdal i 2002.

### **SOFF**

Sentralorganet for fleksibel læring i høgre utdanning (SOFF [www.soff.no](http://www.soff.no)) er et forvaltningsorgan under Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet. SOFF forvaltar ei årlig løyving fastsett av Stortinget og er rådgjevande organ for departementet i saker innafor sitt arbeidsområde.

Diakonhjemmet har fått økonomisk støtte frå SOFF til fylgjande prosjekt:

1. Utvikling av studiemateriell til DSU
2. Internevaluering av studentenes og ansettes erfaringer i bruk av moderne informasjonsteknologi i deltidssosionomutdanning (DSU)
3. Arbeitsplassen som læringsarena (DSU)
4. Høyere utdanning i familieterapi (Diavett)
5. Deltids-desentralisert sykepleierutdanning tilrettelagt som fjernundervisning/kombinerte studier (Diafus)

I tilknyting til SOFF-støtta prosjekt føreligg det to evalueringssrapportar frå DSU:

Dalland, O. og Raustøl, T. (1997) *Praksis, kunnskap og refleksjon. Om deltidssosionomutdanning*. Pensumtjenesten, Oslo

Slettebø, T. (red), Brodkorb, E., Lund, K., Persson, N. og Walle, E-K (2000)

*Internevaluering av studentenes og tilsettes erfaringer i bruk av moderne informasjonsteknologi i deltidssosionomutdanning (DSU)*, Diakonhjemmets høgskolesenter, Sosialhøgskolen.

### **Kunnskapskanalen**

Kunnskapskanalen (KK [www.nrk.no/kunnskapskanalen](http://www.nrk.no/kunnskapskanalen)) er et ope nettverk som er samansett av Universitetet i Oslo, Høgskolen i Oslo, Norges idrettshøgskole, Kunsthøgskolen i Oslo, Diakonhjemmets høgskole, Nasjonalgalleriet og Institutt for samfunnsforskning og NRK. KK er opptatt av å kringkaste førelesingar om aktuelle tema. Sendingane i KK må være generelle. Dette gjør at Diakonhjemmet ikkje kan kringkaste berre til sine studentar.

Medlemskapsavgifta er på 15000,- pr år.

Prosjektmedarbeidarane har tilrådd å bryta samarbeidet med KK. Det me misser ved det, er kunnskapen om kringkasting på Internett. Her er KK i si spede byrjing, men Diakonhjemmets høgskole må kunne tilegna seg denne kunnskapen uavhengig av medlemskap.

### Norgesuniversitetet

Norgesuniversitetet ([www.norgesuniversitetet.no](http://www.norgesuniversitetet.no)) er eit samarbeidsorgan mellom hovudorganisasjonane i norsk arbeidsliv og høgre utdanning. Målet er å styrkja arbeidslivsrelatert etter- og vidareutdanning. Alle kursa frå tilbydarane går gjennom ein felles portal, der også både individuelle og institusjonelle kursbehov blir innmelde. Diakonhjemmets etter- og vidareutdanningstilbod er presenterte i denne portalen.

## II. INTERNE OG EKSTERNE RAMMEVILKÅR

Høgskolen er i ein omstillingsperiode med både eksterne og interne utfordringar. Dei eksterne utfordringane ligg primært i Kvalitetsreformen og i den teknologiske utviklinga, medan dei interne kjem fram i *Handlingsplan for Fjernundervisning (1998)* og *Strategiplan for Det norske Diakonhjem 2002 – 2006*. Diakonhjemmets høgskole er i ferd med å vedta ein ny organisasjonsplan. Det gjer det mogleg å sjå fjernundervisning som ein integrert del av organiseringa av institusjonen.

Den teknologiske utviklinga går raskt, og Høgskolen må difor ha ein organisasjon som fangar opp utviklingstrekk ifeltet og oppdaterer og implementerer det nye. Ei slik organisering vil gjera at Høgskolen kan liggja i tete og vera konkuransedugande. Som ein middels stor privat institusjon har Diakonhjemmets høgskole den føremonen at institusjonen raskt kan tilpassa seg nye rammevilkår.

Diakonhjemmets høgskole har vore ein pionér i å utvikle både sosionom- og sjukepleiarutdanning for fjernundervisning. Høgskolen har opparbeidd seg eit godt renommé på desse områda og har hatt eit forsprang i høve til andre høgskular. Fleire utdanningsinstitusjonar tilbyr no tilsvarende utdanninger. Dessutan hausten 2002 har Høgskolen i Østfold starta sosionomutdanning. Diasos har tradisjonelt hatt mange søkerar frå Østfold. I Nord-Noreg har Høgskolane og Universitetet i Tromsø hatt eit regionsansvar i høve til kommunar og næringsliv. Auka konkurranse kan medføra teigtenkjing og tendensar til blokking.

På etter- og vidareutdaningsfeltet har det dei siste åra vore ei kraftig oppblomstring og signalar er at det er for mange tilbydarar<sup>1</sup>. Utfordringa er framtidig auka konkurranse. Tendensane tyder også på ei ”av-akademisering<sup>2</sup>” i tilboda der universitet og høgskolar konkurrerer med eigne privatiserte einigar og andre private konsulentfirma<sup>3</sup>.

---

<sup>1</sup> Dette kom fram på konferansen ”Organisering for handlekraft og leveringsdyktighet”, arrangert av Norgesuniversitetet 28. – 29. november 2002.

<sup>2</sup> I dette ligg at på grunn av krav om inntening tilbyr utdanningsinstitusjonane fleire korte ikkje-kompetansegejvande kurs enn tidlegare, og institusjonane tar på seg oppdrag på område sjølv om dei ikkje har kompetanse på eit tilfredsstillande akademisk nivå. Gunnar Grepperud, på konferansen ”Organisering for handlekraft og leveringsdyktighet”, arrangert av Norgesuniversitetet 28. – 29. november 2002.

<sup>3</sup> Gunnar Grepperud, på konferansen ”Organisering for handlekraft og leveringsdyktighet”, arrangert av Norgesuniversitetet 28. – 29. november 2002.

## **Fjernundervisningsutvalet ved Diakonhjemmets høgskole**

Fleksibel læring står no på den strategiske og utdanningspolitiske dagsorden i mange av institusjonane i høgre utdanning. Mange av desse har likevel eit arbeid å gjera for å få samanheng mellom visjonære formuleringar og praktisk implementering (Støkken m. fl. 2002). Diakonhjemmets høgskole er godt i gang med dette. Alt i 1998 la Fjernundervisningsutvalet med representantar for alle avdelingane ved Diakonhjemmets høgskole fram for Rektormøtet ei utgreiing om fjernundervisning. Denne konkluderte med ein handlingsplan<sup>4</sup>:

”Noen overordnede prinsipper for videre arbeid:

- Diakonhjemmet høgskolesenter bør ha utvikling av kombinerte studium som et av sine satsningsområder det i årene fremover. Kombinerte studium bør bli vårt ”varemerke”.
- På sikt skal Høgskolesenteret kunne tilby studentar valget mellom å studere på hel- eller på deltid, som nær- eller fjernstudent. Det skal være mulig å veksle mellom ovennevnte.
- Utvikling av fjernundervisning og pedagogikk skal være meriterende på lik linje med annet FOU-arbeid.

Tiltak:

- Hovedansvaret for utvikling av fjernundervisning ved den enkelte avdeling tillegges den enkelte studieleder.
- Satsningen på utviklingen av fjernundervisning skal innarbeides i arbeidsprogrammene for høgskolesenteret i sin helhet og for de enkelte avdelingene
- Det nedsettes en arbeidsgruppe i hver avdeling som definierer og spesifiserer målgruppe og hvordan avdelingen skal utvikla kombinerte studieopplegg.
- Den enkelte avdeling må foreta en grundig drøfting av hvilke deler av undervisningen som bør og kan legges ut som selvstudium og som baserer seg på bruk av merkemidler fra fjernundervisning. Mye tyder på at komponenter som relasjonskompetanse og ferdighetstrening bør foregå som lærerledet undervisning, men bruk av lyd og billedkommunikasjon bør også utvikles på dette området.
- Satsningen på kombinerte studium betyr at undervisning i forhold til ulike studentgrupper må gjenspeile seg i tilsettets årsverksbeskrivelser.
- Studierektorene sørger for at det blir arrangert et kurs for alle tilsette på Høgskolesenteret hvor tema er 'lærer i fjernundervisning'.
- Det utvikles administrative systemer som gjør det mulig å lage individuelle studieopplegg for den enkelte student og hvor det er mulig å "krysse" utdanningsforløp underveis; hel- og deltidsstudium, fjern- og næurstudium.
- All informasjon til studentene bør legges ut på Internett, og det stilles krav om at deltids- og fjernstudentar har tilgang til Internett. Heltidsstudentene som ikke har tilgang til Internett hjemme, kan kople seg på Internett ved hjelp av en pc på datarommet, lokale bibliotek.
- Overgangen til kombinerte studium skjer gradvis, og hovedansvaret for arbeidet pågår i den enkelte avdeling. Kombinerte studieopplegg må innarbeides i fagplanarbeidet, jamfør ny rammeplan.

---

<sup>4</sup> Ført i pennen av Tor Slettebø.

- Behovet for å koordinere utviklingen av fjernundervisning i de ulike avdelingene ivaretas av fjernundervisningsutvalget som bør forsette sitt arbeid.
- Det etableres en egen felles fjernundervisningsenhet som skal bistå avdelingene med utvikling og bruk av fjernundervisning, for eksempel, bruk av ulike former for moderne teknologi i undervisningssammenheng, opplæring av tilsette og studentar osv. Videre bør vedkommende ha oversikt over hvor avdelingene kan få hjelp til å kjøpe tjenester de trenger i utviklingen av fjernundervisning og skal koordinere fjernundervisningsmerksomheten ved DHS.
- Hver avdeling oppnevner en "superbruker" som skal stå for den avdelingsvise opplæring og service. Superbruker bør samarbeide nært med fjernundervisningsutvalget."

Denne handlingsplanen resulterte i at det vart oppretta ei prosjektstilling med mandatet omtalt i kapittel 1. Bakgrunn og historie. Planen har vore utgangspunkt for arbeidet med denne strategi og handlingsplanen som skal verka til at Høgskolen får eit heilskapleg grep om studiekvalitet og fleksibilitet for både fjern- og nærundervisning.

### ***Mål i Strategiplanen for Det Norske Diakonhjem 2002 – 2006***

I den nogjeldande strategiplanen for Det Norske Diakonhjem står det lite som er direkte mynta på Diakonhjemmets høgskole som fleksibel utdanningsinstitusjon. Nedanfor har me samla det som er nemnt om teknologisk utvikling generelt, og det som indirekte kan brukast som argument for ei framtidig utvikling av fleksible studium:

”Konkret utfordres vi av Kvalitetsreformen for høyere utdanning. Våre studietilbud må gis en kvalitativ vekst og vår oppfølging av den enkelte student må bli tettere og mer forpliktende enn tidligere. Vi må også utvikla nye studietilbud og satse på å etablere studietilbud på høyere kompetansenivå enn før (Mastergrad m.v.). Dette må vi sikrer med sterkt egenutvikling, men også gjennom faglige allianser og nettverk med sterke institusjoner, offentlige og private, nasjonale og internasjonale. Forskning og fagutvikling må stimuleres og finansieres bedre enn tidligere.” (s. 5)

#### **Mål**

”Utvikla tilbud til studentar med funksjonshemming ved å sikre adekvate rammebetingelser.” (s. 6)

#### ***Delmål og tiltak***

- Anvende kompetanse og kapasitet på nye områder, blant anna. etablere og utvikla konsulenttjenester og nye utdanningstilbud, eventuelt i samarbeid med andre.
- Arbeide videre med de pedagogiske tilbud.
- Styrke forsknings- og utviklingsaktivitetene i samarbeid med tilsvarende institusjoner i sør.
- Vurdere utvikling av et læringsressurssenter som inneholder IKT-tjenester, bibliotek og ulike rettleatings- og undervisningstilbud.
- Samarbeide mer aktivt faglig med relevante utdannings- og forskningsinstitusjoner nasjonalt og internasjonalt.
- Satse videre på utvikling av fjernundervisningskonseptet basert på IKT.” (s. 6)

## **Kvalitetsreformen**

Grensene mellom nær- og fjernundervisning vil bli meir flytande som eit resultat av omstruktureringa av norsk høgre utdanning (Støkken m. fl. 2002). I Kvalitetsreformen ([odin.dep.no/ufd/norsk/utdanning/hogreutdanning/kvalitetsreformen](http://odin.dep.no/ufd/norsk/utdanning/hogreutdanning/kvalitetsreformen)) er ikkje fleksible studium og IKT grundig omtalt. Dei utfordringane som kan få direkte innverknad på framtidige fleksible studieopplegg står spreidde rundt i meldinga. Det er grunn til å tru at fleksibel læring i stendig større omfang og styrke vil inngå i det totale omstillingsarbeidet til institusjonane. Dette heng saman med dei økonomiske vilkåra knytte til studentrekruttering og –uteksamining (Støkken m. fl. 2002).

Kvalitetsreformen stiller fleire krav til omlegging av undervisnings- og evalueringsformer og tettare studentkontakt. Mange av tiltaka som reforma føreslar er alt utprøvde på Høgskolen og i meir systematisk bruk i DSU og Diafus. Desse kan vidareførast i dei reviderte fagplanane.

Døme på dette er:

- omlegging av tradisjonell undervisning til meir erfaringsbaserte og deltagande tilnærmingar
- større studentdeltaking i og organisering av eiga undervisning
- auka gjennomføringsgrad med jann oppfylging, møteplikt og obligatorisk undervisning
- nye samarbeidsformer for lærarane i team
- nye lærar- og studentrollar med individuell tilrettelegging og rettleiing
- større grad av gjensidig forplikting student/institusjon med forpliktande avtalar

Krava i Kvalitetsreformen tilsvrar i stor grad kvalitetskrav til fleksible studium.

Utnytting/gjenbruk av erfaringar frå Diafus og DSU kan gje Diakonhjemmets høgskole eit forsprang i tilpassinga av nye fleksible studieplanar.

## **Mjøsutvalet**

Mjøsutvalget nedsette ei arbeidsgruppe for digitale læremiddel ([odin.dep.no/ufd/norsk/publ/utredninger/NOU/014001-020004/index-ved011-b-n-a.html](http://odin.dep.no/ufd/norsk/publ/utredninger/NOU/014001-020004/index-ved011-b-n-a.html)).

Denne gruppa skisserer tre scenarium for IKT i høgre utdanning; Socrates.campus – forretningsmodellen, Nasjonalt kontrapunkt – IKT som støtte- og formidlingsverktøy og Læringsnomadens marked – skreddarsydde (individuelle) undervisningstilbod. Ingen av desse sceneria passar direkte inn, men kan kombinerast for Diakonhjemmets høgskole.

Utvælet konkluderer for det første med at teknologi åleine har liten tyding utan at den teknologiske utviklinga og endringa inngår i dei økonomiske, sosiale, politiske og kulturelle konstellasjonane. For det andre at intern kompetanse og kunnskap i utdaningsinstitusjonen er avgjerande for den rollen teknologien får i å tilpassa utdanning til endra samfunnsmessige rammevilkår.

## **Kompetansereformen**

Buerutvalet ([odin.dep.no/ufd/norsk/publ/utredninger/NOU/014005-020007/index-dok000-b-n-a.html](http://odin.dep.no/ufd/norsk/publ/utredninger/NOU/014005-020007/index-dok000-b-n-a.html)) konkretiserte omgrepet livslang læring. Intensjonen var å setja vaksenopplæring inn i eit system som skulle omfatta heile utdanningslaupet. Kompetansereformen ([odin.dep.no/ufd/norsk/publ/stmeld/014005-040017/index-dok000-b-n-a.html](http://odin.dep.no/ufd/norsk/publ/stmeld/014005-040017/index-dok000-b-n-a.html)) som fylgte av Buerutvalet, har diverre i for stor grad konsentrert seg om allmenutdanning på vidaregåande nivå og samfunns- og næringslivsstyrte behov for utdanning. Tilskot har delvis

vorte gitt gjennom hovudtariffoppgjer. Kompetansereformen får difor ikkje konsekvensar for dei utdanningstilboda Diakonhjemmets høgskole tilbyr.

### III. OMGREP OG TEKNOLOGI

I dette avsnittet blir tvitydige og feilbrukte omgrep i tilknyting til fjernundervisning definerte. Kapittelet inneheld også ei oppsummering av erfaringar med bruk av teknologi i undervisningssamanheng ved Høgskolen.

#### *Fjernundervisning*

'-er undervisning der lærer og elev(er) /student(er) er adskilt i rom og/eller tid.

Tekniske hjelpemiddel benyttes til formidling av lærestoff og til reell toveis fjernkommunikasjon, til støtte i læreprosessen' (St meld nr 43 (1988-89).

#### *Generasjoner i Fjernundervisning*

Utviklinga i fjernundervisning vert ofte eksemplifisert gjennom utvikling av "generasjonar" eller "paradigmeskifte" i fjernundervisninga. Spørsmålet om utviklinga har representert klare skilje har skapt debatt i internasjonale fjernundervisningskrinsar (Holmberg 1990, Garrison & Shale 1990, Holmberg 1991 i Rekkedal, 1995).

I mange år har universitet og høgskular som har drive fleksibel utdanning, vore føregangsinstitusjonar i val av og implementering av ny teknologi. Fjernundervisning har utvikla seg gjennom fylgjande fire generasjonar: 1. Korrespondansemodellen basert på skriftleg materiale, 2. Multimediamodellen basert på skrift, audio og video, 3. "Telelæring" modellen basert på teknologi som mogleggjer synkron kommunikasjon og 4. Den fleksible læremodellen basert på Internett.

Lauzon & Moore (1989 i Rekkedal, 1995) presenterer sin generasjonsmodell slik:

Generasjon	Fyste	Andre	Tredje	Fjerde
Medium	Brevundervisning	Telekonferansar	Databasert	Databasert
Kanal	Trykk/visuell	Audio	Video/audiovisuell	Video/audiovisuell
Distribusjonssystem	Post	Kommunikasjonsnettverk	Dataterminal	Dataterminal/kommunikasjonsnettverk
Undervisningsform	Individuell	Gruppe	Individuell	Individuell/gruppe
Distribusjonsform	Asynkron	Synkron	Asynkron	Asynkron

**Figur 1 Generasjoner i fjernundervisning**

Sjølv om dei fleste institusjonar berre er i byrjinga av fjerde generasjon, så har femte generasjon byrja så vidt å spreia seg: "The Intelligent Flexible Learning Modell" byggjer vidare på fjerde generasjon der Internett og www inngår som verktøy (Taylor, 2001).

#### *Fleksible undervisningsformer*

'-Undervisning med medium, både for fjernstudentar og nærstudentar ved et lærested'

### *E-læring*

-interaktiv opplæring der den som lærer, får respons på sine handlingar via Internett frå eit dataprogram og i nokre tilfelle også frå ein lærer. Et relativt nytt omgrep som oppstod i kjølvatnet av den store interessa for handel over Internett (e-handel).

### *Fleksibel læring*

”Fleksibel læring innebærer en studentsentrert tilnærming til utdanning, som integrerer ulike teknologityper for å legge til rette for aktivitet og interaksjon, både synkront og asynkront. Tilnærmingen er basert på å kombinere et utvalg av fag- og brukertilpassede teknologier med undervisning på lærestedet og/eller fjernundervisning. Tilnærmingen gir utdanningsinstitusjonene fleksibilitet til å tilpasse læringsmiljø til ulike studentmålgruppers behov, samtidig som det tilbys kostnadseffektiv utdanning av høy kvalitet.” Teknologibruk må være et element i pedagogisk omstillingsarbeid.” (Gunnar Myklebust, SOFF's strategiplan 2000 – 2002).

### *Livslang læring*

”all læringsaktivitet man deltar i gjennom hele livet med det mål å forbedre kunnskap, ferdigheter og kompetanse innen et personlig, medborgermessig, sosialt og/eller arbeidsrelatert perspektiv” (EU-Kommisjonen, Memorandum om Livslang læring).

### *IKT*

IKT er ei forkorting for Informasjons- og Kommunikasjonsteknologi. IKT har erstattet forkortingen IT fordi IKT også inkluderer kommunikasjon.

### *Internett*

Internett er eigenamn for eit stort internasjonalt datanettverk, som er samansett av tusenvis av mindre samanknytte nettverk over heile verda. Internett starta i 1969 som et nettverk, utvikla av det amerikanske Forsvarsdepartementet. Ryggraden i Internett er av ei rekke høghastige kommunikasjonslinjer mellom utdannings- og forskingsinstitusjonar over hele verda. Ei rekke ulike tenester vert tilbydde via Internett, dei mest kjende er epost, chat og World wide web.

### *Interaktiv*

Tovegs kommunikasjon med ei datamaskin, det vil seia at brukaren har høve til å påverka det som skjer på skjermen ved å gi dataprogrammet kommandoar eller taste inn data. Døme på interaktive program er teksthandsamings- og reknearkprogram, einskilde typar opplæringsprogram og multimedialeksikon. Brukaren kan styre programmet ved hjelp av kommandoar via f.eks. tastatur eller mus. Eit program som ikkje er interaktivt, vil halda fram av seg sjølv etter at det er starta opp, utan at brukaren treng å gjera noko.

### *Portal*

Portal er eit omgrep for ei heimeside på Internett som er eller tar sikte på å vera ein startstad for brukarar av www. Nokre portalar har generelt innhald for å lokka til seg mange gjennom sin portal og dermed også annonsørar. Spesielle portalar er mynta på folk med særskilde interesse eller fellesskap, til dømes tilknyting til ein institusjon. Ein portal inneheld som regel ei mengde informasjon slik som nyhende, ver, børs, søkjemotorar og liknande.

### *Nettbasert utdanning*

- vert kjenneteikna ved at lærer og student er fråskilde i rom og/eller tid i motsetning til tradisjonell klasseromsundervisning. Ein utdanningsinstitusjon står bak aktiviteten i motsetnad til i sjølvstudium og privatundervisning. Datanett vert brukt til formidling av

lærestoff, til reell tovegskommunikasjon, slik at studentane kan kommunisere med kvarandre, med lærarar, og administrativt personell.

#### *Nettbasert læringsmiljø*

-ein møtestad for studentar og lærarar på Internett som opnar for to- og fleirvegs kommunikasjon, og der det vert formidla fagstoff og/eller administrativt stoff. Programvara Luvit er eit døme på eit nettbasert læringsmiljø. Slike læringsmiljø er som ”blekksprutarmar” for lærestaden eller tilkoplingspunkt inn i dagligstova til fjernstudentane (Bjørgen, 2002).

#### *CSCL*

Computer-supported collaborative learning . Datamaskin-støtta samarbeidslæring. Namnet seier både noko om kva pedagogikk som vert nytta og noko om undervisningsforma.

#### *Synkron kommunikasjon*

- kommunikasjonen føregår i sann tid.

#### *Asynkron kommunikasjon*

-kommunikasjonen føregår i ulik tid.

#### *Bandbreidde*

Kan ha fleire tydingar. Mest vanleg er snøggleiken på mengda av data som kan sendast via eit nettverk i eit gitt tidsrom, di høgare bandbreidde, di større mengde data kan overførast via nettverket.

#### *Videokonferanse*

- konferanse halden over eit nettverk der deltakarane kan få opp levande bilete av dei andre deltakarane på PC- eller TV-skjermen medan konferansen føregår. Deltakarane kommuniserar med kvarandre synkront.

### **Erfaringar med teknologi**

#### *Internett*

##### *Heimesider*

Alle avdelingar har eigne heimesider under [www.diakonhjemmet.no](http://www.diakonhjemmet.no). Desse inneholder for det meste statisk informasjon studenten kan slå opp. Døme på dette kan være epostadresser og telefonnummer til skule og lærarar. Ein avdeling på Høgskolen har tatt i bruk heimesida til å publisere timeplanar.

Det eksisterer retningslinjer for bruk og utsjånad på desse sidene. Retningslinjene er frå 1999 og er modne for revidering.

#### *Intranett - Plenum*

Intranett er et ”internt Internett” berre for tilsette ved Høgskolen. Alle avdelingane har eigne sider på Plenum.

Ikkje alle har tatt Plenum i bruk. Dei avdelingane som brukar Plenum gjer dette på ein meir dynamisk måte enn heimesidene. Døme på dette kan vere informasjon frå Avdelingsråd og nyhendebrev frå Studierektor. Intranettet vert brukt også som arkiv og arena for dokumentutveksling.

### *Nettbaserte kurs*

Det er utvikla fleire former for nettbaserte kurs ved Diasyk. Det einaste kompetansegivande kurset som nyttar Internett som ein del av kurset er i Farmakologi. Dette er ikkje eit reint nettbasert, men eit nett-støtta kurs. Det einaste reine nettbaserte kurset er eit ikkje-kompetansegivande innføringskurs i naturvitenskap.

### *Elektronisk post*

Alle tilsette ved Det norske Diakonhjem har personleg epostadresse. Høgskolen tilbyr i dag ikkje epostdresser til studentar. Dette vil kome om kort tid. Epost vert brukt i undervisning, rettleiing og administrasjon, både i nær- og i fjernundervisninga.

### *Nettbasert læringsmiljø*

Som nemnt tidligare er nettbasert læringsmiljø ein møtestad på Internett for studentar og lærarar som opnar for to- og fleirvegs kommunikasjon, og der det vert formidla fagstoff og/eller administrativt stoff.

### *Luvit*

Programvara vart kjøpt inn i 2000 etter ei evaluering av ei gruppe på Høgskolen. Gruppa fekk også innsyn i ei større evaluering som Høgskolen i Oslo hadde gjort kort tid før der fleire produkt blei vurderte. Hausten 2002 har for alvor Luvit vorte tatt i bruk, både i nær- og fjernstudium. I dag er alle avdelingar ved Diakonhjemmets høgskole som driv undervisning representert i bruk av programmet. Einskilde avdelingar har kome lengre enn andre. Dette gjeld særskilt Diasos og Diasyk.

### *Opplæring i Luvit*

Då prosjektmedarbeidarane vitja dei ulike avdelingane, tok dei blant anna opp Luvit som eige tema. Dei fleste tilsette i alle avdelingane var i utgangspunktet positive til Luvit. Det alle avdelingane ynskte var grundigare opplæring i programmet og få innblikk i konkrete vellukka eksempel. I dag er det ingen som har opplæring som oppgåve. Opplæring og bruk av Luvit er overlaten til avdelingane sjølv, eller opp til lærarane/studieleiar.

### *CD-Rom*

Diasyk har dei siste åra utvikla ein CD-Rom for bruk før og i øvingspost. Den pedagogiske tanken bak er å gi rettleiing i faktabasert kunnskap på ei plate i forkant av undervisninga i praktiske ferdigheter for å frigjera tid i øvingspost. Ingen andre avdelingar har produsert undervisningsmateriell på CD-Rom for bruk i praktisk ferdigheter.

### *Film*

Tidligare hadde Høgskolen nokre stillingsprosentar dedisert til mellom anna videoproduksjon. Dei siste åra har skulen leigd inn ekstern hjelp til dette.

### *Videokonferanser*

Høgskolen har to sett videokonferanseutstyr, eit som berre kan brukast via telelinjer og eit som også kan nyttast over Internett. Det er først og fremst Diasyk som nyttar utstyret i dag, men Diavett har einskilde konferansar – då kortare konferansar i regi av Midt i Norden.

## IV. STRATEGISKE VISJONAR OG MÅL

Diakonhjemmets høgskole er ein pioner i utvikling av profesjonsstudium for fleksibel undervisning.

Kjenneteikn ved Diakonhjemmet høgskole som *fleksibel* utdanningsinstitusjon er:

- fleksible og tilpassingsdugande studentar
- fleksible og tilgjengelege lærarar
- fleksibel og endringsvillig organisasjon

Målet er å utvikla Diakonhjemmets høgskole fagleg og kvalitativt ved å utnytta ein unik situasjon som middels stor privat utdannings- og forskingsinstitusjon til fleksibilitet og omstilling ved å:

- vera ein landsdekkande undervisningsinstitusjon som tilbyr høgre utdanning uavhengig av geografiske skilje
- utvikla og tilpassa seg behov for nye studieforlaup
- leggja til rette for og rekruttera nye og fleire målgrupper
- gjera undervisninga tilgjengeleg og brukarorientert for å imøtekoma individuelle og kollektive læringsprosessar for ulike målgrupper, inkludert studentar med ulike funksjonshemmingar
- tilby alle profesjonsstudium på bachelor- og masternivå både som heil- og deltids- og nær- og fjernstudium, tilpassa læringsituasjonen til den einskilde
- vurdera og utvikla alle studium fagleg, pedagogisk og teknologisk etter ein kombinert modell for fleksible undervisningsformer
- styrkja kompetansen for fleksible undervisningsformer hos personalet teknologisk og pedagogisk
- organisera prosjekt for å utviklinga studietilboda i tverrfaglege team
- organisera erfaringsutveksling på tvers av avdelingane

*Føresetnader for å iverksetja måla er:*

- at fleksible studium har god forankring i fagmiljøa på avdelingane
- sentralt etablert pedagogisk utviklingscenter
- høgt kvalifisert støttepersonale med spisskompetanse innan pedagogikk og teknologi i bruk av IKT
- funksjonelle og faglege nettverk på tvers av avdelingane organiserte gjennom eit pedagogisk utviklingscenter
- nært samarbeid og tydeleg ansvars- og oppgåvefordeling mellom avdelingane og eit pedagogisk utviklingscenter
- rutinar for systematisk opplæring og brukarstøtte
- merittering av innsats
- rutinar for fagleg og administrativ kvalitetssikring, inkludert forvalting av kontraktar og opphavsrettar
- evaluering og overføring av erfaringar mellom einskildpersonar og avdelingar

- klar fordeling av økonomisk ansvar mellom pedagogisk utviklingssenter og avdelingane
- standardiserte system og verkty

## V. HANDLINGSPLAN

### ***Modellar for organisering av fleksible studium***

#### **Generelle modellar**

Det finst ulike modellar å velja mellom for framtidig organisering av fleksible studium ved Diakonhjemmets høgskole:

#### ***Desentralisert modell***

Avdelingane får det heile og fulle ansvaret for å konkretisera og iverksetja omstilling, utvikling og drift av fleksible studium på sin avdeling. I det ligg ansvaret for å skaffa ressursar til og gjennomføra utvikling av fagplanar, studiemateriell og utprøving av nye undervisnings- og læringsformer. Føremonen vil vera at avdelingane vil ha eit nært eigartilhøve til sine eigne fleksible studium. Utgangspunktet for Diakonhjemmets høgskole er at avdelingane har ulik storleik, og det vil difor variera kor mykje ressursar som kan setjast inn i kompetanseoppbygging og utvikling av fleksible studium. Erfaringar frå fjernundervisning varierer sterkt, og det vil vera tilfeldig og dels personavhengig kor vidt overføring og gjenbruk av erfaringar mellom avdelingane vil finna stad. Truleg vil aktivitetane verta fragmenterte med mangefull standardisering og därleg utnytting av samla ressursar.

#### ***Sentralisert modell***

Eit sentralt kompetansesenter for IKT- støtta læring og formidling har ansvar for å yta service overfor fagmiljøa,驱va opplæring og bistå med utvikling av nye læringsformer og nytt studiemateriell. På den eine sida vil eit slikt senter vera oppdatert og få utvikla ein spisskompetanse i fjernundervisning. På den andre sida er det ein fare for at eit slikt senter kan leva sitt eige liv. Det kan koma til å setja sine eigne tidsfreistar, prioritera mellom avdelingane og fråskriva seg ansvar for progresjon og det utarbeidde resultatet. Det har heller ikkje makt og sanksjonsmidlar til å etterspørja innsats frå avdelingane..

#### ***Nettverksmodell***

Ansvaret for fleksible studium – både utvikling og drift – er forankra i avdelingane. Ein nettverksmodell føreset eit sentralt plassert kompetanse- og ressurssenter/pedagogisk utviklingssenter som yter tekniske og pedagogiske støttefunksjonar. Det deltek aktivt i utvikling av studiemateriell, har ansvar for opplæring og overføring av erfaringar mellom avdelingane, har oppgåver knytt til prosjektstyring og -leiing, initierer søknader, driv medieproduksjon, har edb/Internett funksjonar, ivaretok rettsforvalting og administrativ og pedagogisk kvalitetssikring. Vidare syter senteret for samordning, harmonisering og standardisering.

Føremonen er at ein får utnytta både engasjementet og erfaringane som lærarane får gjennom undervisning og studentkontakt, i og med at det er ein nær relasjon mellom dei som skapar studiematerialet og dei som underviser. Ved at avdelingane er sikra støtte og opplæring når dei treng det, motverkar det kjensla av å stå åleine samstundes som det kan skje kompetanseutvikling. Eit pedagogisk utviklingssenter vil ha oversyn over kva som skjer på dei ulike avdelingane og kva utviklings- og opplæringsbehov som finst. Det kan dermed kanalisera erfaringar og kopla saman personar og grupper for felles utvikling og utnytting av

tverrfagleg og tverrskuler kompetanse. Senteret vil også ha ansvar for å iverksetja evaluering og pedagogisk forsking. Ein nettverksmodell føreset fleksibilitet, og er i stor grad best tent med prosjektorganisering.

### **Val av organisasjonsmodell og forankring i institusjonen**

Diakonhjemmets høgskole går inn i ein større omformingsprosess ved å satsa på ei utvikling mot ein fleksible utdanningsinstitusjon. I og med at avdelingane er relativt små, har ulik storleik, og det er stor variasjon i erfaringar med fjernundervisning både avdelingsvis og for den einskilde tilsette, er det ei utfordring å få til ei god organisering for å utnytta ressursane til å rusta opp og vidareutvikla Diakonhjemmets høgskole for fleksible studium. Det krev eit felles løft på alle avdelingane. Skal Høgskolen framstå som ein fleksibel undervisningsinstitusjon, må det i tillegg til å byggja opp eit sentralt pedagogisk utviklingssenter også satsast i alle avdelingar samstundes. Felles satsing kan likevel krevja ulik investering avhengig av kor langt den einskilde avdelinga har kome i tilrettelegging og utvikling.

Som overordna prinsipp for organiseringa av fleksible studium bør Høgskolen velja ein nettverksmodell som maksimerer innsatsen på avdelingane og minimaliserer dei sentrale funksjonane. Utviklinga av fleksible studium vil byggja på dei eksisterande avdelingane for sjukepleie-, sosionom-, diakoniutdanning og etter- og vidareutdanning og med eit sentralt plassert pedagogisk utviklingssenter. Utan tilstrekkeleg opprusting på avdelingane, fell grunnlaget bort for at eit sentralt plassert senter kan oppfylla sine tillagde funksjonar.

Diaforsk og DIS får ikkje noko sjølvstendig ansvar for utvikling av fleksible studium. Men for å nytta forskingsmateriale og den internasjonale kompetansen i sterkare grad enn i dag, skal desse avdelingane medverka til utvikling av studiemateriell og også delta i nettbaserd undervisning innan sine fagområde. Gjennom eit samarbeid vil Diaforsk samstundes få utvikla sin kompetanse i å publisera fagmaterialet sitt. DIS får eit spesielt ansvar for å sikra eit internasjonalt perspektiv, og medverka til at kollegaer frå universitet og høgskular med samarbeidskontraktar med Diakonhjemmets høgskole vert dregne inn i utviklinga av læremateriell.

Med innføring av det nye gradssystemet etter Kvalitetsreformen, er tendensen i dag at universitet og høgskular tilbakefører vidareutdanninger frå separate etter- og vidareutdanningsavdelingar og samordnar bachelor- og masterstudium i same avdelingar. Tendensen er også at etterutdanningskurs vert koordinerte, men ikkje drivne sentralt. Diakonhjemmets høgskole har i framlegg til ny organisasjonsplan valt ein blandingsmodell ved å oppretthalda etter- og vidareutdanningsavdelinga med framtidig ansvar for utvikling og drift av nokre mastergradsstudium.

### **Refleks**

Eit pedagogisk utviklingssenter må ha eit namn som gjenspeglar dei funksjonane senteret skal ha. I dagleg tale vil senteret verta omtalt som Refleks. Ordet har sitt opphav i latin og tyder *tilbakekasting* eller *tilbakeverknad*. Refleks gjev assosiasjonar til ressurs, refleksjon, fleksibilitet og tilbakeføring av kunnskap.

For at Refleks skal fungera godt, trengst ei gjennomtenkjing og samordning av:

- filosofisk/pedagogiske grunnlag
- organisatorisk modell
- arkitektonisk utforming

- stillingar/personar tilknytte senteret

### ***Filosofisk/pedagogisk grunnlag***

Intensjonen med opprettinga av eit pedagogisk utviklingssenter er å få eit heilskapleg og koordinert perspektiv på dei fleksible studia på Høgskolen. Ved hjelp av ei sentral koordinering av aktivitetane, vil Høgskolen få ei betre utnytting av erfaringar og ressursar. Pedagogisk utviklingssenter skal vera til disposisjon for studentar og tilsette og gje støtte og inspirasjon til avdelingane. Eit pedagogisk utviklingssenter skal skapa oversyn over og tilgang til den kompetansen som i dag er spreidd rundt på avdelingane. Føremonen vil vera at dei avdelingane som i dag ligg etter i utvikling, vil kunna dra nytte av dei som har kome lengre.

Fag, pedagogikk, biblioteknester og teknologi skal utgjera eit heile der pedagogikk og teknologi er hjelpemiddel for formidling av fagleg innhald og læring. Dette føreset eit nært samarbeid mellom personar med ulik kompetanse. Utvikling, rettleiing og drift må stå i høve til kvarandre og til det overordna perspektivet om heilskap.

Det pedagogiske utgangspunktet er vaksenpedagogikk, erfaringsslæring og sosialkonstruksjonistiske perspektiv på undervisning og læring. Dette medfører at både studentar og tilsette som har kontakt med Pedagogisk utviklingssenter, har ansvar for eiga læring og oppfylgjing.

### ***Organisatorisk modell***

Pedagogisk utviklingssenter skal ha *ein* overordna leiar som sorterer direkte under rektor. Refleks vert ein motor i utviklinga av heile Høgskolen til ein fleksibel utdanningsinstitusjon. Leiaren må difor vera sentralt plassert på same nivå som studierektorane/avdelingsleiarane og høyra til i eit forum der vedkomande vert oppdatert og kan delta i diskusjonar om sentrale utdanningspolitiske utviklingstrendane og aktivitetar på avdelingane. Ein generell tendens frå andre utdanningsinstitusjonar har vist at forankring av eit pedagogisk utviklingssenter på for lågt nivå i organisasjonen har slått negativt ut. Leiartillinga bør vera ei åremålsstilling med same vilkår og løn som studierektorane/avdelingsleiarane.

For å legitimera Refleks innåt i organisasjonen, må leiaren ha ein fagleg og/eller pedagogisk bakgrunn og vera anerkjent i institusjonen. Dette viser internasjonal erfaring, mellom anna frå Sheffield Hallam University Learning Centre (Gulbraar, 2000). Leiaren bør ikkje ta med seg eit spesielt eigedomstilhøve til ein tidlegare avdeling som gjer at han vidarefører særinteresser. Det er elles lett at ein ikkje får eit samla pedagogisk utviklingssenter, men eit som held fram med små avdelingar som vidarefører sine eigne rutinar og alarmsystem.

### ***Arkitektonisk utforming***

For å få til eit nært samarbeid, uformell kontakt, fleksibilitet og for å utnytta kompetansen best mogeleg, spelar fysisk plassering av funksjonar, stillingar og personar ein viktig rolle. Pedagogisk utviklingssenter bør vera organisatorisk og fysisk samla.

Eit slikt senter skal vera tilstades for studentane. Når senteret inneheld Edb-avdeling og bibliotek blir dette sjølv sagt. Dessutan bør einskilde fasilitetar, som studentdatarom og bibliotek liggja sentralt og vera lett tilgjengelig.

Behovet for teknisk utstyr må vera vel gjennomtenkt før ein byrjar tilrettelegging og eventuell ombygging. For å kunna bruka romma til varierte føremål i framtida, må ein frå planleggingsstadiet/teiknebrettet syta for at opplegg for alle mogelege tekniske innretningar er

lagde til rette, alt som skal i golv og veggverk må vera på plass, og vindaugever plasserte i høve til ljós og skjermar. For å sikra dette må det frå starten av planlegginga vera samarbeid mellom arkitektar, folk med IKT teknisk kompetanse og erfarte brukarar blant personalet. I ein planleggingskomité må det også vera folk som har detaljkunnskapar om regelverk som mellom anna seier at i eit PC-rom skal det vera ljodsikre dørar.

Behov endrar seg raskt. Ved å ikkje binda rom til særskilde funksjonar på førehand, sikrar ein fleksibel utnytting og bruk. Folk får lett eigartilhøve til rom. Difor er val av nøytrale namn på romma svært viktig i staden for PC-rom, Video-rom etc.

Refleks må utgjera eitt alarmområde slik at det kan vera opne dørar mellom utlån av bøker, CD-Rom, videoar, trådlause nettverkskort for PC, utstyr av diverse slag for produksjon av studiemateriell og studentproduserte oppgåver. Det må innehalda lesesalar, grupperom, datarom og andre produksjonsrom. Då kan alt berast rundt innan senteret og brukast der det er føremålstenleg til ei kvar tid. Interne opne dørar er ein føresetnad for å få til fleksibilitet. Alt utlån utanfor området kan då slusast gjennom ein kanal.

Ved gjennomgang av lokala på Høgskolen er det nokre område som peikar seg ut meir enn andre. Det gjeld peiestova, øvingspost for Diasyk, bibliotek med lesesal. For at dette området skal verta tenleg for føremålet, er ombygging naudsynleg. Peiestova vert i dag lite brukt. Dei einaste funksjonane som må relokaliserast er det som skjer i øvingspost. Nye lokale for øvingspost kan vera aktuelt å finna på sjukehuset eller i Steinerud barnehage. Ved relokalisering til sjukehuset kjem øvingsposten nærmare praksisfeltet og kan dessutan på kort varsel omgjerast til fullt fungerande avdeling ved til dømes katastrofealarm.

### **Oppgåver**

Refleks skal driva oppsökjande verksemd overfor avdelingane i form av faste konsultasjonar. I desse konsultasjonane går teamet frå Refleks systematisk gjennom studia/fag/modular saman med dei tilsette i avdelingane for å drøfta idear og laga planar for utvikling av læremateriell for å gjera studia fleksible. Utfrå denne planlegginga vert den valde fagleg ansvarlege i avdelinga kjøpt fri, sjå nedanfor.

Refleks har ansvar for at det vert utarbeidd generelt rettleiingsmateriale som kan brukast på alle avdelingar, som til dømes om studentrolla i fleksible studium, samarbeidsgrupper på Internett, skriftelege framstillingar, fordjupingsoppgåver, prosjektarbeid og PBL på Internett. Vidare har det ansvaret for å utarbeida malar for utvikling av studiemateriell og å vurdera om læremidlar utarbeidd på ein avdeling, t.d. i psykologi, kan tilpassast bruk i ein annan avdeling.

### **Stillingar/personar/knytte til Refleks**

Kor vidt pedagogisk utviklingscenter vil fungera etter intensjonen, er avhengig av funksjonar og stillingar tillagde senteret og personane som arbeider der. Etablering av eit nytt senter vil medføra omorganisering slik at fleire får nye funksjonar og ny plassering i hierarkiet. For å få dette til mest mogeleg knirkefritt, trengst det planlegging av omstilling og opplæring.

Fylgjande funksjonar og stillingar vert tilordna Refleks:

- 1 fagleg leiar med spesielt ansvar for prosjektkoordinering og søknader
- 1 pedagog/fagperson med pedagogisk kompetanse
- 1 teknisk/pedagogisk rettleiar med ansvar for opplæring av studentar og lærarar i bruk av IKT og deltaking i produksjon av læremiddel
- 1 webmaster med ansvar for administrasjon av og opplæring i Luvit

- 3 stillingar innan Edb (utvida med 1 konsulent) med deltaking i produksjon av læremiddel, ettersyn av multimedia og audiovisuelt utstyr
- 4 1/3 stilling i bibliotek (utvida med 1 bibliotekar) med utlån av multimedia og audiovisuelt utstyr og deltaking i produksjon av læremiddel
- 1 administrativt tilsett
- 1 trykkeribetjent (overført frå Diaforsk)

Dette er ikkje eit fullstendig oversyn over funksjonar, berre nye og endra oppgåver er omtalt spesielt.

På sikt bør Refleks ha ein stilling for stipendiat med særlege vekt på evaluering og forsking innan pedagogikk for fleksible studium.

### ***EDB***

Edb funksjonar er sentrale i utvikling av fleksible studium fordi dei har større innslag av tekniske hjelpe midlar enn tradisjonelle studium. Etter kvart som dei fleksible studietilboda aukar ved Høgskolen, vil difor behov for støtte og service frå Edb personalet auka tilsvarende. Ved oppretting av Refleks vil Edb personalet få endra og nye arbeidsoppgåver i og med at dei frå eit tidleg stadium skal vera ein ressurs i planlegging, tilrettelegging og produksjon av undervisningsmateriell. Dette krev utvida stab.

I Refleks vil Edb personalet delta i tverrfaglege team og vil utfylla kompetansen i teamet i høve til IKT faglege utfordringar. Edb personalet vert på denne måten deltarar i og får eit tettare tilhøve til dei faglege utviklingsoppgåvene enn i dag.

Samanhalde med Edb avdelinga i dag vil inkorporering i Refleks medføra fleire og meir varierte arbeidsoppgåver. I dag er fyrste prioritet drifting av nettverket for heile Høgskolen. Det inkluderer teknisk service som ikkje har direkte med undervisningsrelaterte oppgåver å gjera. Når tida tillet det, påtek avdelinga seg ekstraoppgåver relatert til undervisning. Driftinga av nettverket vil også i framtida vera den sentrale oppgåva for Edb personalet. Ved inkorporering i Refleks og utviding av staben, må ein sikra at ein får dekka ein meir generell datakompetanse.

### ***Trykkeri***

Biblioteket har ansvaret for Litteraturtenesta på Høgskolen. Gjennom Refleks skal det produserast også skriftleg studiemateriell. Ved å plassera trykkeriet i Refleks kan det gje ei samordning og ny giv for litteraturproduksjon og -distribusjon.

### ***Bibliotek***

Strategiske interne dokument (*Strategiplanen for Det Norske Diakonhjem 2002-2006, Først innstilling om organisasjonsstrukturen ved DHS*, datert 9. januar 2002, s. 7 og *Høring – Organisering av det administrative området i Høgskolen*, datert 6. desember 2002, s. 10, 16 og 17) og eksterne signal, blant anna gjennom innstillinga frå Mjøsutvalet, tilseier at biblioteket både organisatorisk og fysisk vert plasserte saman med IKT-tenester og andre faglege og pedagogiske fellesfunksjonar lagde inn under Refleks. Andre undervisningsinstitusjonar med utstrekkt fjernundervisning, så som BI, organiserer bibliotekstenesta på den måten som her er føreslått for Høgskolen. Ved nybygget til BI i Nydalen vil eit Læringssenter med desse samla funksjonane, få ei heilt sentral plassering både organisatorisk og bygningsmessig.

Bibliotek- og dokumentasjonstenester er ein faglig og pedagogisk støttefunksjon. Ved utvikling av fleksible studium, vil behovet for desse tenestene auka. Kunnskapssyn og pedagogisk grunnsyn ved Høgskolen tilseier at studentar aktivt må bruka biblioteket i sine studium, og at dei difor må få opplæring og opparbeida seg ein brukarkompetanse. Biblioteket har eit større fagleg potensiale enn det som er utnytta både av studentar og lærarar i dag. Dette kan koma Høgskolen til gode ved vidareutvikling av fleksible studium.

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanning (NOKUT, [www.odin.dep.no/ufd/norsk/utdanning/hogreutdanning/kvalitetsreformen/045061-90017/index-dok000-b-n-a.html](http://www.odin.dep.no/ufd/norsk/utdanning/hogreutdanning/kvalitetsreformen/045061-90017/index-dok000-b-n-a.html)) vert oppretta 1. januar 2003. Organet skal føra tilsyn med og ha ansvar for akkreditering av lærestadene. Eit av kriteria som det vert lagt vekt på er kvaliteten på bibliotektenesta med mellom anna omfanget av tilgjengelege databasar, noko som vil krevja ei opprusting på Høgskolen.

I teamsamarbeid i eit pedagogisk utviklingscenter vil nye oppgåver i tilknyting til fleksibel undervisning kunna vera:

- kartleggja tilgjengelege databasar
- vurdera kva databasar Høgskolen har bruk for
- vurdera kostnader for ulike databasar
- gje opplæring i bruk av databasar
- fylgja med i lovverk og utgreningar vedrørande fjernundervisning og fleksible studium
- oversyn over tilgjengelege tekniske ressursar
- laga avtaler med bibliotek og studiesentra i distrikta

Nye og meir varierte oppgåver med deltaking i fagleg utvikling av forskingsbasert undervisningsmateriell tilseier å auka talet på tilsette bibliotekarar i høve til i dag. I Refleks vert biblioteket på den eine sida inkorporert i eit større fagleg miljø. På den andre sida medfører dette eit vedtaksnivå meir enn i dag.

### **Lovverk og standardkontrakt**

I dag har Diakonhjemmets høgskole ingen sams prosedyrar for korleis læremateriell produsert for og brukt i fjernundervisning skal handterast. Det gjeld både rettar og plikter for forfattarar og kva som skal ut på nettet av eksamensoppgåver, timeplanar, førelesningar etc. Nokre avdelingar har likevel opparbeidd seg praksis og interne reglar som kan liggja til grunn for samordning.

Lovverket er i dag ikkje i takt med den tekniske utviklinga og er under stendig utgreiing. Universitets- og høgskolerådet har nedsett eit utval, Ringnesutvalet, [www.uhr.no/omuhr/sentrale dokument/rapport%20Ringnes1.htm](http://www.uhr.no/omuhr/sentrale dokument/rapport%20Ringnes1.htm). som skal gje si innstilling primo 2003 om dei rettar forfattarar og fagleg tilsette har til det materialet som vert utarbeidd i arbeidstida til bruk i undervisning og forsking. Som vedlegg 3 fylgjer eit notat om ophavsrett, utarbeidd av Anthun og Trygstad (2002). Dette må eventuelt omarbeidast i tråd med innstillinga frå Ringnesutvalet. Diakonhjemmets høgskole må utarbeida standardkontraktar for forfatarrettar og -plikter for all produksjon av studiemateriell, førelesningar og bøker som skal brukast i fjernundervisning. Slike standardkontraktar må innførast overfor alle som produserer materiell for fjernundervisning og bør brukast automatisk ved alle nytilsetjingar.

Innhald i ein standardkontrakten vil vera:

- tidsrom kontrakten gjeld for
- kva kontrakten gjeld
- nye utgåver
- eigedomsretten
- opphavsretten (forfattaren) og kva vedkomande må gje løyve til
- inntekter/royalties for forfattarane

### **Oppgåver og ansvar i avdelingane**

Den faglege kompetansen skal liggja i avdelingane som har det fulle og heile faglege, organisatoriske og administrative ansvaret for å utvikla og tilby fleksible studium til alle målgrupper innan sitt fagfelt. Avdelingane tek sjølv initiativ til utvikling av sine studium.

Avdelingane investerer i eit fagmiljø for fleksible studium med tilsette som er øyremerkte for og får avsett tid til utvikling og drift. Både oppbygging av eit slikt fagmiljø og utvikling av læremidlar tek tid og må tilførast ekstra ressursar.

Studierektor eller avdelingsleiar skal vera kontaktperson for Refleks på sin avdeling. Føremålet med ein kontaktperson er gjensidig informasjon og oppdatering. Avdelingane oppnemner ikkje superbrukarar då det har vist seg på andre høgskular at ansvar og tidsbruk ofte vert uklåre.

Tilsette som er fagleg ansvarlege for utvikling av læremidlar vert kjøpte fri i 25 % stilling for det tidsrommet som er stipulert for utvikling av den aktuelle modulen eller læremiddelet. Vedkomande deltek i den perioden i team for rettleiing og støtte frå Refleks.

Utført arbeid skal rapporterast og publiserast til dømes via Intranett. Refleks har ansvar for at erfaringane frå utviklingsarbeidet vert dokumenterte og gjort kjende på alle avdelingane. Det skjer til dømes ved at når eit kurs i psykologi for Diasyk er ferdig utarbeidd, vert det lagt ut til gjennomsyn på Intranett. I tillegg vert interesserte frå alle avdelingane inviterte til eit presentasjonsmøte der ein både viser opplegget med tanke på idéskaping for andre, drøftar om opplegget kan tilpassast på andre avdelingar og går igjennom sjølv produksjonsprosessen.

Kompetanseheving for dei tilsette i avdelingane skjer primært gjennom deltaking i prosjekt og grupper som utviklar læremateriell, studiehandbøker og studieguidar. Refleks har eit paratansvar for opplæring, rettleiing og prosjektleiing. Konkrete eksempel og oppgåver forankra i eige fag, gjer opplæringa lettare og skaper auka interesse når behovet melder seg. Ved utvikling av til dømes ein internettbasert modul i prosjektarbeid på ein avdeling, kan Refleks arrangera eit kurs for interesserte frå fleire avdelingar der innhaldet i kurset er å få lagt den konkrete modulen ut på nettet, samstundes som deltakarane får konkrete erfaring i korleis det skal gjerast.

Refleks skal dessutan tilby etter behov korte kurs med få deltakarar og med oppfylgjing individuelt og generelt over Internett. Berre unntaksvis skjer opplæring i generelle kurs for stor grupper.

Etter å ha deltatt i konkrete prosjekt og gruppearbeid, kan lærarane fungere som eldsjeler som inspirerer sitt nærmiljø, og fleksibel undervisning kan byrja å gjennomsyra institusjonen.. Deltaking i tverrfaglege prosjekt fører til ein utvida lærarkompetanse.

Då det er krevjande med nyutvikling og omstilling, er ein avhengig av eldsjelene. Desse må Høgskolen ta vare på og oppmuntra gjennom avløning, noko som kan ivaretakast gjennom lokale lønsforhandlingar, stillingsnivå, opprykk og grader.

Avdelingane har ansvar for studieadministrasjonen for sine studentar i fleksible studium. For å få til fleksibilitet og god ivaretaking av studentane i fleksible studium, er det viktig med nær kontakt mellom det faglege og administrative personalet. Då studieadministrasjonen har ulike funksjonar i høve til fjern- og nærestudentar, må administrativt personale øyremerkjast for studentar i fleksible studium. Refleks har ansvar for opplæring, rettleiing, koordinering og erfarsingsutveksling mellom studieadministrativt personale i avdelingane.

## **Studiemodell, pedagogikk og teknikk**

Framtidig fleksibel utdanning må på ein annan måte enn tidlegare ta studentrolla på alvor. Det handlar ikkje berre om å nå flest mogleg med meir fleksible tilbod, men at Høgskolen tek omsyn til den totale situasjonen fleksible studium skapar både for studentar og lærarar. Grad av fleksibilitet handlar ofte om omfang og arbeidsmengde for den einskilde (Grepperud, 2002). Det som til vanleg ligg i omgrepet "fleksibel utdanning" er utdanningstilbod tilpassa vaksne som ikkje kan eller vil vera vanlege fulltidsstudentar. Dette kan ein oppnå på ulike måtar ved deltidsprogresjon, kvelds- eller helgeundervisning, desentralisert undervisning og fjernundervisning. Fleksibiliteten kan også gjelde den pedagogiske tilnærminga og det faglige innhaldet som er tilpassa det spesifikke kompetansebehovet til studentane (Toska, 1999).

### **Kombinerte studium**

Dette er studium som kombinerer tradisjonell undervisning med fjernundervisning. Både DSU og Diafus som profesjonsstudium har valt kombinasjonsmodellar med samlingar, studiegrupper og fjernundervisning. I fylge utgreiinga om DSU (Askeland, 1990) og seinare studieplanar skal samlingane i hovudsak brukast til å ferdighetstrening, arbeid med haldningar og til å byggja opp relasjonar og nettverk. Det skal i lita grad vera tradisjonelle førelesningar utover oversyn, oppsummeringar og innföringar i særleg vanskeleg stoff. Evalueringa av DSU (Dalland og Raustøl 1997) viser at kombinasjonsmodellen har vore viktig for studentane si gjennomföring av studiet.

Alle studietilboda på Høgskolen er profesjonsrelaterte. Fleksible studium ved Høgskolen vil difor få kombinasjonar av tradisjonell ansikt til ansikt undervisning og fjernundervisning. Kombinasjonsstudium er den pedagogiske trenden i fjernundervisning ved høgskular og universitet. Dette vil truleg gjelda i åra framover sjølv om det skjer ei viss dreiling mot ei integrert multimedial tilnærming (Stokken m.fl., 2002). Dei som tidlegare har drive reine nettbaserte kurs og studium, går meir over kombinerte modellar.

### **Studieforlaup**

Sjukepleiar- og sosionomutdanningane på Høgskolen er i dag organiserte i to forlaup; anten som heiltidsutdanning over tre år eller deltidsutdanning med fjernundervisning over fire år. Dersom studentar ynskjer overgang mellom desse forlaupa, må dei søkja særskilt om dette.

I utgreiinga frå Fjernundervisningsutvalget for Høgskolen (1998) er det slått fast som eit prinsipp at studentar skal kunna veksle mellom heil- og deltids- og mellom nær- og fjernstudium. Dette kan lett resultera i fire studiemodellar i staden for to som i dag. Det kan føra til at i tillegg til dagens to modellar, vil ein tredje modell vera at nærestudentane på heiltidsstudiet i periodar eller for delar av studiet fylgjer fjernundervisning. Det kan medfør

langsamare studieprogresjon, ventetid og overgang til nye grupper i heiltidsstudiet. Ein fjerde modell vil vera at fjernstudentar i periodar eller i visse fag deltek i nærstudiet/heiltidsundervisninga for å gjera seg fortare ferdig med delar av studiet, for så å hoppa inn tidlegare kull.

Å opna for individuelle overgangar vil føra til meirarbeid og oppfylgjing for administrasjonen. Pedagogisk vil det også krevja mykje av både lærarar, studentar og medstudentar med stendig skifte av grupper og tilhørysle. Fire modellar vil føra til ein flyt av studentar mellom nivå og årskull og vil oppløysa tilhøyrsla til kull, slik studia i dag legg opp til og som har ein positiv innverknad på studentrolla og gjennomføring av fjernstudia (Dalland og Raustøl, 1997). På den andre sida vil ein slik maksimal fleksibilitet gjera det lettare for studentar med funksjonshemmingar og for dei som vil endra studieprogresjonen, å gjennomføra studiet.

### **Pedagogikk**

Der finst ingen spesielt utvikla pedagogikk for nettstøtta læring, men innføring av teknologiske hjelpe midlar har vorte ein katalysator for pedagogisk utvikling (Myklebost, 2001). Ved at ein tek i bruk tekniske hjelpe midlar framstår pedagogikk i nær- og fjernundervisning som ulik. Internasjonal forsking viser at IKT medfører omlegging av tradisjonell undervisning og nye læringsformer (St.meld. nr. 27 2000-2001). Erfaringar på Diakonhjemmets høgskole viser at så skjer. Fjernstudenten kjem i sentrum, mellom anna gjennom individuell kontakt, oppgåver og gruppearbeid som trekkjer inn studentarfaringar (Dalland og Raustøl, 1997). Desse erfaringane fra DSU og Diafus kan Høgskolen hausta fruktene av i tilpassing av studia til krav i Kvalitetsreformen.

Sjølv om det pedagogiske grunnlaget er det same, vil det at undervisningsformene i fjern- og nærstudia varierer, kunna påverka både student- og lærarrolla. Ved utvikling av tradisjonelle studieopplegg til fjernundervisning ved hjelp av Internett, tilfører ein nye aktivitetar, arbeidsformer og materiell. Alt dette tek tid både for læraren å tilretteleggja og for studenten å bruka og kan lett koma i tillegg til dei elementa i nærundervisning som dei er meinte å erstatta (Eide, 2001:65).

### **Studentrolla**

Det er forska lite på rolla som fjernstudent i Noreg (Stökken m fl. 2002). Ein studie som har med dette perspektivet og er mykje referert til, er evalueringa av DSU (Dalland og Raustøl 1997).

Dagens fjernstudent og den framtidige fleksible studenten har varierte krav på seg til deltaking. Ho skal delta både i heim, arbeidsliv, tradisjonelle studieaktivitetar og nettbaserte læringsmiljø. Læring er krevjande. Nokre gonger er nettstøtta læring meir krevjande enn dei såkalla vanlege studia, fordi studentane må kombinera mange ulike roller samtidig (Grepperud, 2001). Modular, sekvensar, milepælar og freistar er viktige verkemidlar for studieprogresjon (Eide 2001/1). Samtidig kan dette føra til at studiesituasjonen vert stressande og travæl. Studentane treng disiplin, evne og mogning til å vera selektive fagleg for å greia å gjennomføra eit nettstudium (Eide 2001/1). Dei treng rettleiing til å disponera tid og fordela arbeidsinnsatsen.

Fjernstudium stiller andre krav til studentane enn nærstudium gjer:

- Fjernstudenten er det meste av tida overlaten til seg sjølv, og dette krev eigendisiplin. Det stiller store krav til strukturering og planlegging av eigen studiesituasjon og -progresjon..
- Storparten av kommunikasjonen med lærar, studieadministrasjon, medstudentar og samarbeidslæring føregår skriftleg.
- Det blir nytta teknologiske kommunikasjonsmedium, der kommunikasjonen kan skje asynkront eller via tekstbaserte medium. Digital kommunikasjon er for mange ein ny og framand måte å kommunisere på.

### ***Studiesamling***

Studiesamlingane tyder mykje for fjernstudenten på fleire områder (Dalland og Raustøl, 1997). Identiteten som student blir også forma her. Mange studentar endrar identitet gjennom studietida frå å være ein ”kursdeltakar” som skal på kurs, til å bli ein student som skal til samling på studiet. Samlingane er i fylge studentane der dei verkelig føler seg som studentar. Det å møte andre som er i same situasjon og dela glede og frustrasjonar med desse, er uvurderleg. Å bli kjent med medstudentar og lærarar, og kjenne fellesskapet gir grunnlag for framtidig kontakt mellom samlingane og i gruppearbeid. Møte med høgskolen, lærarar og rettleiarar er viktig for oppbygging av tillit og gjev grunnlag for seinare rettleiing, både i kvalitet og frekvens.

Samlingane er også av stor tyding i den profesjonelle rolleoppbygging gjennom å arbeida med haldningar og ferdighetar. Studentane trenger rettleiing frå medstudentar og lærarar i å utvikla rolla som til dømes sosionom.

### ***Gruppetilhørsle***

Å tilhøyrja ein studiegruppe i eit studium med fjernundervisning, er ein av de viktigaste identitetsskapande ingrediensane for ein student og for gjennomføring av studiet (Dalland og Raustøl, 1997). Gruppa har både ein sosial og ein fagleg funksjon. Ein gruppetilhørsle gir ei tilknyting til studiet og vert oppfatta som ei viktig støtte og pådrivar i kvardagen. På same måten som samlingane bidreg gruppa til å oppretthalda motivasjonen hos deltakarane, og gir dei også her ein møtestad der glede og frustrasjonar kan delast i tillegg til det faglege utbyttet.

Mange fjernstudentar opplever god sosial samkjensle og klasseånd gjennom gruppearbeid over Internett. Det sosiale aspektet ved bruk av Internett i studium og studiegrupper må takast på alvor (Eide 2001/1). Gruppene kan brukast til ulike typar aktivitetar som tradisjonelle kolokviegrupper eller til forpliktande samarbeidslæring med formelle arbeidskrav.

Samarbeidslæring i grupper strukturer studia, då særlig i dei periodane som inneheld mykje sjølvstudium. Skal samarbeidslæring lukkast, må opplegget vera velstrukturert, forpliktande (telja karaktermessig) og restriktivt i høve til freistar. Mangelen på forpliktande fellesskap i samarbeidsgrupper er ein grunn til fråfall i studia (Jamissen, 2001).

Grupper på nettet gjennomlever same fasar som andre grupper (Jamissen, 2001). Det kan likevel vera skilnader. Ved medisinarstudiet i Oslo har dei gjennomført eit forskingsprosjekt der dei same studentane deltok i same grupper, først ansikt til ansikt og deretter på nettet, for så å avslutta ansikt til ansikt. Dei hadde same rettleiarane heile tida og brukte PBL som undervisningsmetode både på nettet (chat og forum) og ansikt til ansikt (med video-opptak).

Dei fann at:

- fagleg innhald har større plass i samtalar ansikt til ansikt enn på nettet
- meir tid går til organisering i nettgrupper enn ansikt til ansikt
- meir sosialt innhald på nettet enn i grupper med ansikt til ansikt kontakt
- rettleiar er langt meir aktiv i ansikt til ansikt grupper enn nettgrupper
- på nettet var alle like aktive, ansikt til ansikt var det stor variasjon
- aktiviteten var gjennomgåande lågare på nettet enn ansikt til ansikt

(Nickelsen, 2002)

### *Familie og heim*

Skilnaden på nær- og fjernstudenten er at den siste har fleire studieaktivitetar i eigen heim og kan derfor vera tilstades utan å vera tilgjengeleg.

Korleis studentane brukar teknologiske media, vert avgjort av talet på brukarar i heimen, eigenskapar ved media og den sosiale samanhengen media vert brukta i – heim og familie (Bjørgen i Fritze m. fl. 2002). Bruk av Internett i fjernundervisning krev nærleik til ein datamaskin og påverkar familie- og kvardagslivet til studentane og omvendt. I ein familie kan det være konkurranse om tilgang til tastaturet. Når fjernstudenten er opptatt i chat eller internetsøk, er vedkommande ikkje mottakeleg for andre oppgåver.

### **Lærarrolla**

I dag tilbyr Høgskolen inga organisert pedagogisk rettleiing for undervisningspersonalet. Det som har eksistert hittil, byggjer i stor grad på eigne initiativ. Ansvaret for å utvikla undervisningsopplegg i dei ulike faga ligg i dag på den enskilde læraren eller mindre lærargrupper. Ved oppbygging av Refleks vil rettleiing og støtte i pedagogisk utviklingsarbeid vedrørande fleksible studium verta formelt organisert.

Utvikling av fjernundervisning og fleksible studium krev ein utvida lærarkompetanse, der ein knyter saman fag, pedagogikk med teknikk. Refleks er organisert både for å støtta opp om den nye lærarrolla, og for å verna om læraren som fagekspert. Når ein ikkje har tilgjengelege støttefunksjonar, vert læraren lett slukt av det tekniske, og det å få kommunikasjonen til å fungera kan overskugga det faglege innhaldet. Refleks vil støtta og avlasta læraren med til dømes layout, design, utveljing av linkar og overføring av pedagogiske erfaringar, medan læraren heile tida har hovudansvaret for å ivareta det faglege perspektivet.

Fjernundervisning treng god struktur og langtidsplanlegging. Når faget skal presenterast i et nytt medium, må lærarane tenke gjennom stoffet på nytt. Bruk av nye og fleire medium i fleksible studium krev samarbeid og felles planlegging. Gjennom å leggja rammer og vilkår i eit heilskapleg og gjennomtenkt opplegg, kan ein leggja til rette for prosessorientert læring og undervisning. Slik læring kan stimulerast gjennom studentoppgåver og i rettleiing, via chat, i forum og via epost.

Å gå over frå tradisjonell undervisning til fjernundervisning, kan påverka identiteten som lærar. Skriftleg kommunikasjon er kvalitativt annleis enn munnleg. For dei lærarane som skriv lett, er gode til å illustrera, er oppteken av det estetiske og er teknisk interesserte, kan fjernundervisning vera ei vinning. Men for dei som ser klasserommet som sin arena, likar prosessorientert undervisning, greier å fanga opp og bruka det som skjer i klasserommet til å utdjupa og aktualisera undervisninga, kan fjernundervisning opplevast som mangelfull. I klasserommet er det ein straum av signal ein erfaren lærar kan ta omsyn til (Bullough, 1991). Tilsvarande signal kan vera vanskelege å oppfatta frå fjernstudentar. Lærarane må difor vera oppmerksame på at signala kan ha andre former enn det dei er vane med.

For å fanga interessa til studentane, må lærarane appellera til fleire sansar og bruk fleire innfallsinklar. Skaping og produksjon krev kreativitet i bruk av hjelpeidlar og innhenting av illustrasjonsmateriale, og det tek lang tid. Ein slik jobb kan vera krevjande for ein lærar aleine. Her vil teamet i Refleks koma til sin rett og samarbeidet kan spreia gjensidig inspirasjon til alle involverte.

Å vera tilretteleggjar og rettleiar er ekspertfunksjonar. Erfaring frå Lærarutdanninga ved Universitetet i Oslo viser at i fjernundervisning er 10-15 % av arbeidsinnsatsen 'flytta over' frå tradisjonell undervisning til rettleiing (Løvhaug, 2002). Lærarane ved Høgskolen har lang erfaring i rettleiing som pedagogisk tilnærming. Det er likevel to ting som kan vera nye for dei fleste: at rettleiinga skal skje digitalt eller via videokonferanse og at rettleiaren sjølv heilt eller delvis manglar erfaring som fjernstudent.

Både tilretteleggjaren og rettleiaren har fleire funksjonar:

- organisatoriske
- faglege
- sosiale (Mason, 1991 og Paulsen, 1995 i Jamissen, 2001)

Desse funksjonane er kjende frå generell rettleiingslitteraturen. I fjernundervisning vil desse funksjonane likevel vera utforma noko annleis enn i nærstudium.

### **Organisatorisk**

Strukturering og planlegging av studiet er ei stor utfordring i fjernundervisning. Fjernstudium tek i bruk andre, fleire og nye kombinasjonar av undervisningsformer som må avpassast til kvarandre. Studiet må vera nøyne gjennomtenkt med fordeling av arbeidsmengde og forpliktande samarbeid gjennom ein heil modul eller kurs slik at nye undervisningsaktivitetar ikkje kjem i tillegg til tradisjonelle, og såleis stiller krav om auka studieinnsats. Som ein konsekvens er det naudsynt med ein gjennomtenkt og tydeleg samanheng mellom mål, innhald, vurderings- og arbeidsmetodar, inkl. bruk av Internett (Eide, 2001/1) og kva som må lærast ansikt til ansikt.

World wide web og IKT er gode hjelpemiddel i eit studium, men kan føra til for stor informasjonsflyt og ikkje-målretta kommunikasjon. Det er ei grensa for kor mange linkar studentar kan gjera seg nytte av før dei kjem på avvegar i informasjonssøk i staden for å studera i djupna. Det er skilnad på informasjonsinnhenting og studium. Gjennom tilrettelegging må læraren hjelpe til med å avgrensa, slik at det kan skje læring. Det er ein fare at di meir teknologi ein tek i bruk, di mindre tid har ein til innhaldet, og di meir tilgjengeleg informasjonen er, di mindre informert er ein (Eriksen, 2001). Løysinga er å finna den rett informasjonen og skjerma seg mot alt det uvesentlege. Dette er ei utfordring for både for lærarar og studentar.

Erfaring viser at læring i nettbaserte grupper krev fastare organisering enn anna undervisning (Nickelsen, 2002). På nettet må grupperettleiaren initiera, strukturera form, innhald og tidsperiode og delta frå starten, for å få gruppearbeidet til å fungera godt. Gruppeleiaren må vera nærverande undervegs for å skapa tillit og engasjement, stilla spørsmål for å få i gang samspelet/diskusjonen, provosera, trekkja linjer og oppsummera.

### **Fagleg**

Når eit fag skal presenterast i et nytt medium, vil læraren få eit påskot til å tenkja igjennom stoffet på nytt i samarbeid med Refleks. I fleksible profesjonsstudium må læraren gjera ei

kvalitativ vurdering med fagleg grunngjeving av kva som kan leggjast til rette for fjernundervisning, og kva som må skje ansikt til ansikt. Innhold og lærerimidlar må balansert mot kvarandre for å finna den ideelle måten å formidla det essensielle i faget pedagogisk og teknologisk slik at det lettar tileigninga for studenten. Læringsutbytet av å leggja ut tradisjonelle førelesingar på Internett, kan vera avgrensa. For optimalt utbyte av førelesning på Internett vil maksimal lengde gjerne vera 15-20 min. (Ostendorf, 1996).

Læring er både ein individuell, sosial og kulturell prosess (Askeland og Payne, 2002). Ved hjelp av tekniske hjelpemiddlar, er det mogleg å nå studentane på fleire måtar, noko som kan styrkja desse prosessane. Engasjement hos studentane føreset at læraren greier å knyta oppgåver og aktivitetar til liva til studentane, slik at dei kjenner seg att og at faget vert relevant (Knowles, 1985, Bullough m.fl., 1991). For at læring skal skje, er det sentralt å dra inn både læringsomgjevnadene og den meir omfattande konteksten til studentane (Brookfield, 1995). Dette er ei utfordring når læraren ikkje kjenner eller har møtt studentane.

Ved formidling i klasserommet skjer skapingsprosessen kontinuerleg i samspel mellom studentar og lærar, noko som gjer undervisninga levande. Når læraren utviklar studiemateriell for fjernundervisning, skapar han det i sin kontekst utan innspel og korrekjon frå studentar. I klasseromsundervisninga kan læraren undervegs tilpassa og justera opplegg og innhald til studentane og den tidsaktuelle situasjonen. Dette er i litra grad mogeleg i fjernundervisning. Utforming av fjernundervisningsmateriell stiller større krav til uttrykksformer og presisjon enn ansikt til ansikts undervisning. Teamet i Refleks må difor gje tilbakemelding om korleis stoffet verkar, og forutsjå kva som vil vera vanskeleg for studentar å tileigna seg og kva spørsmål dei då vil stilla. Teamet må bistå læraren i å kvalitetssikra at stoffet er tydeleg uttrykt. I publisert materiale kan ein ikkje retta, sletta, utdjupa eller endra mening. Men ein kan nyansera og modifisera ved å kombinera publisert materialet med direkte eller nettbasert kommunikasjon med studentar. Utforming av publisert studiemateriell for fjernundervisning stiller også større krav til nøyne bruk av referansar enn det tradisjonell undervisning gjer. Ein slik arbeidsmåte er meir akademisk, noko som vil vera ein føremon for heile institusjonen ved utveksling av materiale og ved akkreditering.

Å spreia materiale via Internettet er som å publisera i eit massemedium, læraren kjenner ikkje mottakargruppa med tanke på til dømes kjønn, alder, etnisk bakgrunn. Læraren har ingen kontroll over kopiering og vidareformidling av materialet. Det er som å publisera i eit vakuum. Studentane mottek materialet i sin kontekst som er ein annan enn der det vart skapt. Mottakarane kan då tolka fritt og bruka materialet i sin samanheng og ut frå sine føresetnader (Askeland og Payne, 1999).

Sjølv om læraren ikkje førebud tradisjonelle undervisning, må han likevel ha avsett tid til å fornya og oppdatera seg fagleg. Den fagkunnige læraren brukar kunnskapen og fagkompetansen sin dels på ein annan måte. Læraren må ein ha eit stort register av paratkunnskap for å kunna framkalla og setja saman kunnskapen og ferdighetene utan spesiell førebuing når studentar etterspør rettleiing. Gjennom undervisningsmaterialet må læraren utfordra studentane til fagleg integrering. Dette krev at læraren er oppdatert på ulike delar av pensum.

Det er eit mål å utdanna kritisk reflekterande studentar til kritisk reflekterande praktikarar. I fjernundervisning er dette ei ekstra utfordring. For å kritisk reflektera må studentane setja av tid. Studentar må motiverast til å gjennomføra oppgåver og aktivitetar som er utfordrande og forpliktande (Eide, 2001/1, Jamissen, 2001), og som bidreg til profesjonell og personleg

vekst. Bruk av nye tekniske hjelpe midlar gjev læraren varierte måtar å fylgja opp studentane på personleg, individuelt eller i grupper.

### **Sosial**

Erfaringar frå Høgskolen viser at fjernstudenten er nær. I fjernundervisning får læraren meir individuell kontakt i undervisningssituasjonar med fleire enn det som skjer i nærstudia i dag. Kvalitetsreformen skil ikkje mellom fjern- og næurstudium, men føreset at individuell kontakt skal innførast i alle studium.

I fjernundervisning vert læraren nærverande, sårber og meir open for kritikk både frå studentar og kollegaer på ein annan måte enn i eit lukka klasserom. Det skjer når læraren:

- legg ut stoff på nettet
- provoserer til engasjement
- framstår personleg for studentane for å byggja opp gjensidig tillit
- ikkje straks kan tilbakekalla publisert stoff då oppdatering og revisjon er ein lengre prosess

I team tenkjer fleire hovud betre enn eitt og kan difor lettare forutsjå utfordrande situasjonar, kritikk og motstand som kan koma og dermed ta brodden av det slik at læraren kan framstå mindre sårber.

Å vera fjernstudent kan vera einsamt. Oppmuntring, interesse og omsorg kombinert med krav og utfordringar frå læraren er viktig for å greia å gjennomføra studiet (Dalland og Raustøl, 1997). Å møta studentane i deira behov tek tid for læraren, som må visa engasjement både i studentane, deira læreprosess og i studiematerialet deira. Sjølv om studentane har ansvar for eiga læring, treng også fjernstudentar ein tilgjengeleg lærar. Dei positive erfaringane med nettbasert undervisning er ikkje knytt direkte til Internett, men til relasjonen mellom student og lærar (Grepperud, 2001). Læraren må vera fortruleg med at det går å byggja opp tillit mellom seg sjølv og studentane også ved hjelp av IKT. Dei skriftbaserte tekniske hjelpe midlane gjer det lett å blanda saman uformell og formell kontakt, men gjev læraren også eit framifrå høve til å modellera overfor studentane korleis ein skil mellom å vera privat og personleg i ein profesjonell samanheng (Leenderts, 1997)

Fjernstudentar er fleksible, mobile og tilpasningsdugande, og brukar varierte tider på døgeret for å få gjennomført studia sine. Dei opplever tidslemma, og for å få det heile til å hengja i hop, ventar dei gjerne at læraren straks gjev respons på epost og innleverte oppgåver. Det er vanskeleg å møta individuelle behov frå studentane for lærarar som også har andre plikter. På den eine sida kan det løysast ved at den einskilde læraren formidlar til sine studentane reglar for tilbakemelding og virtuelt nærver. NKI har løyst det ved at lærarar som er i fjernundervisning, konsentrer seg berre om det for å kunna vera tilgjengeleg for studentane når dei etterspør det. Begge desse tilnærmingane kan gje lærarane stor fleksibilitet i høve til tid og rom og organisering av eigen arbeidssituasjon.

### **Teknikk**

Høgskolen har sidan 1991 brukt teknologi i si fjernundervisning. Høgskolen nyttar i dag mange former for teknologi i si undervisning, til dømes Internett og videokonferansar, men fag og pedagogikk er i førarsete ved val av bruksområder for desse.

Når Høgskolen i dag ikkje har personale som har ansvar for å rettleia i skjeringspunktet pedagogikk og teknologi, er det vanskeleg å vite om og å ta i bruk alle tilboda i teknologien slik at det gagnar læringa. Det er heller ikkje lett for teknologar å vite kva som er viktig i ein læresituasjon. Stort sett er det blitt nytta fagtilsette med interesse for teknologi som ressurs ved val og bruk av verktya og dessutan tilsette ved Edbavdelingen.

Ved val av teknologi er det viktigaste at teknologien skal kunne brukast av alle. Dette har Høgskolen forsøkt å følgje. Høgskolen bruker standardisert programvare som dei fleste andre skular nyttar. Døme på dette er produkt frå Microsoft. Det er ikkje eit mål i seg sjølv å bruke dei teknologiske verktya som til ein kvar tid er nyast i marknaden, men at det som vert brukt skal fungere til føremålet – nå flest og støtte læreprosessen. Høgskolen har i dag studentar som har lita bandbreidd på si internetttilknyting. Dette gjer at enkelte teknologiske løysingar som er blitt sett nærmare på, ikkje kan nyttast. Døme på dette er streaming. Streaming er publisering av levande bilete via Internett, noko som krev rask og brei tilknyting.

Høgskolen kan bruka heimesidene på ein meir dynamisk måte enn til no. Med dette meinar ein hyppigare oppdatering og dagsaktuell informasjon. Dette krev aktiv deltaking, ikkje berre frå Webmaster, men også frå dei einskilde avdelingane som må levera innhaldet. Høgskolen kan presentere seg og sine tilsette på ein meir utfyllande og personleg måte til dømes gjennom CV med bilet, og utforma heimesidene meir i tråd med organisasjonens mål og verdisyn.

Ei avdeling som kan nytta verktyet i langt større grad enn i dag, er Diavett. Diavett rekrutterer studentar frå heile landet, og er avhengig av god kontakt med tidligare studentar. Internett kan supplere og dels erstatte Diavett's informasjonsformidling slik det vert driven i dag. Trykksaker vil framleis vere naudsynleg, men desse kan i større grad vise til nettsider som kan innehalde langt meir oppdaterte opplysningar enn brosjyrar som er trykte opp lang tid i forvegen og som er vanskelege og dyre å endra på. Internett gjev stort høve til å realisere livslang læring gjennom Diavett. Ein kan organisera oppfyljingsgrupper som Høgskolen og/eller studentar styrer. Diavett kan gjennom denne kontakten med jamne mellomrom tilby kortare eller lengre kurs gjennom nettverket.

Det eksisterer pr. i dag ingen retningslinjer for bruk av Intranettet. Slike retningslinjer er naudsynlege og kan gje avdelingar som i dag ikkje nytta Plenum i særlig grad tips og hjelp til framtidig bruk. Plenum har eit unytta potensiale. På Intranettet kan Høgskolen teste ut forskjellige undervisningsformer for framtidig bruk. Intern og ekstern produserte nettstøtta opplegg og dokumentasjon frå avdelingane kan vera tilgjengeleg via Intranettet. I ein kunnskapsorganisasjon som Høgskolen er, kan Plenum bli et viktig verkty i å dele og spreie kunnskap, både horisontalt og vertikalt i organisasjonen (Nunaka, 1995).

Ved innføring av eit verkty som Luvit, er balansegangen mellom avløning og plikt ein vanskeleg balansegang. Men skal ein organisasjon få ein tradisjon for å dele kunnskap, er klare regler frå leiinga er naudsynt (Nunaka, 1995). Det er naudsynt med generelle reglar. Rammevilkår for bruk, og ikkje detaljstyring er ønskeleg. Klare reglar vil også gjere at fleksible undervisningsformer blir meir sjølvsagde i plan- og styringsarbeidet på dei ulike avdelingane og etterkvart kanskje sjølvsagt.

### *Opplæring i IKT*

Opplæringa i IKT for tilsette må delast inn i 3 nivå: grunnleggjande innføring, oppfølging i grupper og faglege utfordringar til dømes når ein skal publisera på Internett.

Opplæring i bruk av Luvit og andre tekniske hjelpe midlar må delast inn i to: Opplæring for tilsette og for studentane. Ansvaret for å ta initiativ til opplæringa bør liggja i avdelingane, medan organiseringa og gjennomføringa ligg i Refleks. For tilsette bør opplæringa skje i mindre tverrfaglige grupper der ein kan utveksla erfaringar mellom avdelingar og skular med minst ein person frå Refleks som kjenner til korleis andre avdelingar og skuler bruker verktyet. Faglige utfordringar kan løysast når desse melder seg og lærarane kjenner betre til korleis Luvit utnyttast.

Opplæringa for studentane blir i dag løyst ved dugnad. Dette må formaliserast, og i framtida vera ein naturlig del av studieiar/lærarens ansvar. Refleks utfører opplæringa etter tinging frå avdelingane. Opplæringa skal gjennomførast av personar som kjenner Luvit godt. Dette vil vera ei oppgåva for den teknisk pedagogiske rettleiarene i Refleks og for Webmaster. Webmaster treng ein god relasjon til studentane og lærarane og omvendt. Ein slik gjensidig kontakt som opplæring gir, kan bidra til auka og endra bruk av Internett.

### **Tverrfaglige grupper**

For å nytta oss av fleire og andre bruksområde i Luvit og andre fleksible medium bør grupper av tilsette samlast tverrfaglig. Dette for å utveksle erfaringar, og løyse pedagogiske utfordringar uavhengig av fag. På denne måten vert bruk av Luvit ei teamoppgåve på de forskjellige avdelingane, og ikkje ei byrde for einskilde lærarar. Desse gruppene må ikkje vere for store. 5-7 personar er nok. Dersom gruppa blir for stor, fører det lett til at språk og gjennomføring blir formell. Gruppemøta bør heller ikkje vera for lange, og dei treng nødvendigvis ikkje være fysiske. Virtuelle møte gjer at deltakinga kan omfatta fleire og gje øving i bruk av slike virtuelle møte.

### **Nettbaserte kurs**

Også i produksjon og bruk av nettbaserte kurs finnes det eit ubrukt potensiale. Høgskolen kan i større grad i nær framtid sjølv utvikla kurs som tek i bruk Internett som verkty som ein eller fleire delar av opplegget. Avdelingane må rekna med store utviklingskostnader for slike kurs. Det vert stilt store krav til design, opphavsrett og innhald. Det gjer at det er vanskeleg for ein eller to lærarar å drive eit slikt arbeid åleine. Å utvikla eit nettbasert kurs av ein viss storleik krev mange ressursar over lang tid. Her kan teamarbeid med Refleks koma til sin rett.

Epost kan i framtida nyttast meir til informasjonsspreiing. Når alle studentane har fått eiga epostadresse og er gruppert etter kull/kollokviegruppe, kan administrativ informasjon om til dømes timeplanendringar enkelt spreast blant studentane.

Produksjon av CD-Rom og film er kostberre og treng lang planlegging. Føremonane med CD-Rom kontra Internett er snøggleik og bandbredde. Større filer som inneholder lyd og bilete kan lett hentast fram frå ei plate. No når bandbreidda til Internett aukar og blir meir spreidd, vil truleg dette argumentet bli svekka. Høgskolen har i dag ingen kompetanse på filmproduksjon. Det kan bli eit behov for dette i framtida når streaming eller CD-Rom produksjon blir meir aktuelt. Da må kompetansen på området byggast opp. Det er naturleg at den teknisk pedagogisk tilsette i Refleks opparbeidar seg denne kompetansen på sikt.

### **FOU og FU – koalisjon eller kollisjon?**

Å vera fagekspert gjev status i høgre utdanning, og forsking gjev meir status enn fagutvikling og undervisning. Undervisning skal vera forskingsbasert – og helst skal undervisningsmetodane også vera forskingsbaserte.

Alle faste fagstillingane ved Høgskolen er tillagde 25 % tid til å forska, utvikla faget og halda seg oppdaterte. Dette er minimumstid for å kunna publisera fagstoff og artiklar, delta på konferansar etc., noko som er naudsynleg i eit akkrediteringsperspektiv.

Når ressursane er knappe og Høgskolen står overfor eit løft i omstilling til fleksible studium, er det ei fallgruve om ein allokerer all tid til FOU i avdelingane til utvikling av fleksible studium. FOU i avdelingane bør i hovudsak gå til fagleg utvikling. Oppdaterte studium med høg standard er ein føresetnad for å tåla konkurransen.

FOU tid for tilsette i Refleks må derimot ha spesielt fokus på forsking og utvikling av pedagogikk og teknologi i fleksible studium.

Mange tilsette i høgre utdanning opplever eit misforhold mellom forventningar og realitetar når det gjeld IKT (Løvhaug, 2002). Det er tid- og teamkrevjande å delta i utviklinga av fleksible studium, men gjev lite utteljing i kompetanse- og karriereoppbygning.

Utvikling av fleksible studium har hittil hatt liten status. Dette er eit aktuelt tema i institusjonar som driv fleksible studium. Medan forsking i ei viss utstrekning er individuell, vil utvikling av fleksible studium, som vist ovanfor, vera teamarbeid mellom personar med ulik kompetanse, noko som i seg sjølv er tidkrevjande. Utvikling av fleksible studium må difor gjerast legitimt og attraktivt ved at det vert sett av ekstra tid og midlar til dette utover vanleg FOU tid. Mange opplever at dei er på eit sidespor karrieremessig når dei engasjerer seg i fjernundervisning, og at dette er viktigare enn manglande økonomisk godtgjering (Eide, 2001/2). Utviklingsarbeidet må gjerast meritterande for lærarar som engasjerer seg og brukar tid og krefter på å utvikla fjernundervisningsmateriale og byggjer opp eigen kompetanse i teknologistøtta undervisning. I tillegg er det er viktig å finna fram til avløning, kriterium som kan nyttast i lokale lønsforhandlingar og andre former for kompensasjon, som til dømes deltaking kurs og konferansar.

## **Samarbeid med andre institusjonar**

Samarbeid og konkurranse mellom utdanningsinstitusjonar vil i framtida koma til å auka parallelt. Konkuransen aukar behovet for å samla kreftene og styrkja profilen som vil vera samanfallande for heile Høgskolen:

- faglig høgt nivå
- verdi og etikk
- kritisk syn på danningsperspektivet
- stor fleksibilitet i møte med studentar

Samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar kan ha ulike føremål som å:

- utvikla kvaliteten på eigne studietilbod
- utvikla og supplera eigen kompetanse
- supplera eigne studietilbod
- nå nye målgrupper
- auka innteninga på Høgskolen ved å selja eigne modular/kurs

## **Aktuelle norske samarbeidspartar**

I søking etter samarbeidspartar må Diakonhjemmets høgskole leggja vekt på å finna fram til undervisningsinstitusjonar som kan utfylla eigen kompetanse, utvida tilboda og har andre ressursar. Definering av det faglege innhaldet og kvalitetssikring av opplegget, som til dømes omfang av samarbeidslæring og ansikt til ansiktsundervisning, må liggja til Høgskolen å definera.

Som ein middels stor institusjon, og ved å satsa på både nær- og fjernstudium har Høgskolen relativt liten kapasitet og økonomiske ressursar til å vera i front i utvikling av administrative og tekniske system for fleksible studium. Det same gjeld også for utstrekkt pedagogisk forsking innan feltet. Høgskolen sin styrke er i skjeringspunktet mellom fag og pedagogikk i profesjonsstudium.

### **NKI**

NKI har internasjonalt anerkjent fagleg høg kompetanse i utvikling av pedagogiske og administrative løysingar for fjernundervisning. Ein eigen forskings- og utviklingsavdeling driv kontinuerlig evaluering og forsking på nettbasert undervisning. NKI har deltatt i internasjonale utviklings- og evalueringsprosjekt gjennom EU.

Sonderingar er gjort og grunngjeving for samarbeid kan vera at NKI:

- er ein profesjonell aktør i nettutdanning
- er ein privat utdanningsinstitusjon
- har godt utvikla logistikk
- har utstrekte erfaringar frå Noreg og Sverige
- kan dra nytte av erfaringane med drift av profesjonsstudium ved Diakonhjemmets høgskole
- og Diakonhjemmets høgskole kan tilføra kvarandre nye studentgrupper

I eit eventuelt samarbeid må Diakonhjemmets høgskole vera merksam på at NKI er meir marknads- og kundeorientert enn Høgskolen tradisjonelt har vore.

### **Midt i Norden (MiN)**

MiN er inne i ein omleggingsperiode, og det er noko uvisst kva framtida vil bringa. Høgskolen har samla hatt utbyte av samarbeidet, og dette vil halda fram med Diasyk om den nyleg oppstarta sjukepleiarutdanninga i Vadsø. Samarbeidet med Diavett om lunsjførelesningar og kortare kurs via videokonferanse kan utvidast. Det avgjerande vil vera at utvikling og drift svarar seg økonomisk, avhengig av kor mange kommunar som er interesserte i dei einskilde opplegga. Det er i gang sonderingar om samarbeid med MiN om DSU utdanning i Vadsø. Driftskostnadene er ein viktig faktor då Diasos ikkje har fått tilsvarande statstilskot til dette, på same måten som Diasyk har fått.

### **Høgskolen i Telemark (HiT), sjukepleiarutdanning**

HiT er ein nybyrjar innan fjernundervisning. Utfrå intensjonsavtalen som er inngått, skal høgskulane utveksla studiemateriell. I tillegg skal tilsette på Diafus gje rettleiing til fagpersonalet ved HiT.

### **Høgskolen i Finnmark (HiF) og Høgskolen i Bodø (HiBO)**

Det har vore møte med sosionomutdanningane ved HiF og HiBO for utveksling av erfaringar og sondering av mogelege samarbeidsområde utan at det er gjort nokon konkret avtale. Begge

høgskolane driv desentraliserte sosionomutdanninger med islett av fjernundervisning. DSU ved Høgskolen i Oslo (HiO) var også invitert, men kunne ikke møta.

### **Internasjonalt samarbeid**

For å finna gode internasjonale samarbeidspartar trengst ei langsgiktig sondering.

Norsk tilhører ei lita språkgruppe. I det norske fjernundervisningsfeltet er det relativt få kurs som vert tilbydde internasjonalt. Dette har den føremonen at samanlikna med fjernundervisning i mange andre land, har fag og pedagogikk fått forrang i utvikling av norske studium og læremateriell framfor teknologi og økonomi.

Språket gjer at det er avgrensa i kor stor grad Høgskolen kan tilby sine ordinære fleksible studietilbod internasjonalt. Ei anna avgrensing vil også vera at dei fleste studietilboda frå Høgskolen vil inkludera samlingar for studentane.

I internasjonalt samarbeid er fylgjande område aktuelle:

- studium og modular til skandinavisk språklege studentar
- modular på engelsk til einskildstudentar
- institusjonssamarbeid om utvikling av modular/kurs/fag
- nettverk for lærarar

### ***Sosionom- og sjukepleiarutdanning i Sverige***

Sverige har det hittil ikke hatt sosionom- og sjukepleiarutdanninger som fjernundervisning eller fleksible studium. Det har kome igang sonderingar om å tilby DSU utdanning i Nord-Sverige. Dette ville kunna skje parallelt med eller som ein fylgje av utvikling av DSU i Vadsø. Diafus gjer no erfaringar med sitt studieopplegg i Vadsø, noko som eventuelt kan liggja til grunn for å tilby sjukepleiarutdanning som fleksibelt studium i Sverige.

Eit slikt samarbeid kan grunngjenvæst med:

- at då fleire norske utdanninger er i ferd med å utvikla fleksible studium, treng Høgskolen å utvida sitt nedslagsfelt med nettbasert utdanning til Norden
- at Sverige er mindre proteksjonistiske i tildeling av midlar
- å få tilført faglege og personlege ressursar som kan bidra til å utvikla det faglege miljø på Høgskolen
- å få skapt alliansar med for eksempel Nettuniversitetet, Stora Skjöndal og nettverk i kommunar og regionar som ikke har utbygde sosionom- og sjukepleiarutdanninger

### ***Australia og Canada***

Sosionomutdanninga ved Central Queensland University driv heile sitt studium som nettbasert PBL utdanning. Dette universitetet har teke initiativ til eit felles nettbasert studentprosjekt, noko som det ligg til rette for å prøva ut. Tilsette ved Høgskolen har også kontaktar ved andre universitet i Australia og i Canada. Desse går det ann å utvikla til institusjonskontaktar.

### ***Nord-sør samarbeid***

I fylgje Strategiplanen for Det Norske Diakonhjem skal samarbeid nord-sør prioriterast. Bruk av IKT kan bidra til å skapa nærliek mellom fagmiljø. Høgskolen vil ha ei særleg utfordring i å invitera kollegaer i institusjonar med samarbeidkontraktar både gjennom DIS og praksisavtalar inngått i dei ulike avdelingane, til å delta i utvikling av læremateriale. Slikt samarbeid vil utfordra Høgskolen til å utarbeida modular og kurs på engelsk, som så kan

brukast i begge dei samarbeidande institusjonane. Samarbeidspartar i dei landa studentar frå Høgskolen skal ha praksis, kan til dømes få ansvar for eller bidra til å utvikla praksisførebuande kurs og også delta i etterarbeidet.

I den grad tilgangen til IKT ligg tilrette for det i dei landa der Høgskolen har samarbeidskontraktar, kan visse studium ha prosjektarbeid eller oppgåver som studentgrupper skal utføra på tvers av landegrenser.

## Økonomi

Dei offentlege høgskulane får omstillingsmiddel i samband med nye reformer. Dette får også dei private høgskulane frå 2003. Ingen undervisningsinstitusjonar greier omlegging til fjernundervisning utan tilførsel av ”friske pengar”<sup>5</sup>. Aktuelle eksterne kjelder kan vera SOFF og Utdannings- og forskningsdepartementet, fordi ei slik omfattande omstilling til fleksible studium som Diakonhjemmets høgskole legg opp til, kan gje erfaringar som fleire utdanningsinstitusjonar kan ha nytte av.

I *IKT i norsk utdanning – plan for 2000 –2003* ([www.dep.no/ufd/html/ikt](http://www.dep.no/ufd/html/ikt)) står det:

”IKT i utdanningen skal bidra organisatorisk, faglig og pedagogisk til et utdanningssystem som utvikler og utnytter IKT som fag og som utnytter fullt ut de muligheter IKT gir i undervisning og læring, slik at den enkeltes og samfunnets kompetansebehov imøtekommes.”

Med dette som grunngjeving kan det vera aktuelt å søkja Departementet om delfinansiering for ein tre års periode av omlegginga til fleksibel høgskole.

For å få til ei omstilling til fleksibel utdanningsinstitusjon treng Høgskolen ekstra midlar til både sentral og lokal opprusting. Midlar trengst sentralt for å etablera Refleks, opplæring, innkjøp av IKT- og AV utstyr; lokalt for å vidareutvikla og byggja opp kompetanse på avdelingane, modulutvikling og tilpassing til endra studentføresetnader. Storleiken på dei lokale løvvingane vil avhengja av ambisjons- og aktivitetsnivået på avdelinga.

I budsjettet for Refleks inngår dagens budsjett for bibliotek, EDB avdeling og trykkeri. Budsjettet for biblioteket for 2002 er på 1.8 mill. Det utgjer ca 2,4 % av det totale budsjettet for Høgskolen. Generelt vert det tilrådd frå Riksbibliotekstjenesten at vitskaplege høgskular set av 5 % av det totale budsjettet til bibliotek og i ein oppbyggingsfase 7 %.

Budsjett for EDB avdelinga for 2002 er på 1.5 mill. Dette utgjer 2 % at det totale budsjettet for Høgskolen. Budsjettet for trykkeriet utgjer ca. 880.000,-, tilsvarande 1,2 % av det totale budsjettet.

I tillegg til budsjettet for bibliotek og EDB må budsjettet for Refleks utvidast med kostnadene for dei nye stillingane som er føreslårte, ombygging og leigeutgifter til lokale og interiør, ressursar til å dekka teknisk opprusting og nyinvestering til vidarekvalifisering av tilsette i Refleks og fellesarrangement for heile Høgskolen. Avdelingane har kvar for seg budsjettmessig ansvar for den daglege drifta av sine fleksible studium.

I dag utgjer budsjettet for biblioteket, Edb avdelinga og trykkeriet til saman ca. 5,5 % av det samla budsjettet for Høgskolen. Dette omfattar både løns- og driftsutgifter.


<sup>5</sup> Leiaren for Open University (OU) i England refererte ei europeisk undersøking i eit føredrag han heldt i Oslo i på ein konferanse i regi av Norsk Forbund for Fjernundervisning for nokre år sidan.

Lønsutgifter inkludert sosiale utgifter for alle stillingane i Refleks vil utgjera ca. 8.5 mill. Totale budsjettal er vanskeleg å fastsetja, fordi materialet og logistikk vil vera avhengig av aktiviteten på dei einskilde avdelingane og talet på studentar.

## **Implementering**

Ved implementering er det naudsynleg at fleire prosessar skjer samtidig.

**Figur 2 Tidsplan**



Denne tidsplanen føreset at Refleks er ferdig utbygd og i full drift frå 1. januar 2004. Fram til denne tid skjer det ei gradvis oppbygging. I august 2003 startar gjennomgang av studieplanar og modular i tverrskulere og tverrfagelege team i samarbeid mellom avdelingane og Refleks. Det vert føresett at Høgskolen utover våren tilbyr og gjennomfører opplæringstiltak for tilsette.

## **IV. OPPSUMMERING AV HOVUDPUNKTA I PLANEN**

Diakonhjemmets høgskole som fleksibel undervisningsinstitusjon er kjenneteikna av:

- fleksible tilpassingsdugande studentar
- fleksibel og tilgjengeleg personale
- fleksibel og endringsviljig organisering

### **Visjon og mål**

Diakonhjemmets høgskole er ein pioner i utvikling av profesjonsstudium for fleksibel undervisning.

Kjenneteikn ved Diakonhjemmet høgskole som *fleksibel* utdanningsinstitusjon er:

- fleksible og tilpassingsdugande studentar
- fleksible og tilgjengelege lærarar
- fleksibel og endringsvillig organisering.

Målet er å utvikla Diakonhjemmets høgskole fagleg og kvalitativt ved å utnytta ein unik situasjon som middels stor privat utdannings- og forskingsinstitusjon til fleksibilitet og omstilling ved å:

- vera ein landsdekkande undervisningsinstitusjon som tilbyr høgre utdanning uavhengig av geografiske skilje
- utvikla og tilpassa seg behov for nye studieforlaup
- leggja til rette for og rekruttera nye og fleire målgrupper
- gjera undervisninga tilgjengeleg og brukarorientert for å imøtekoma individuelle og kollektive læringsprosessar for ulike målgrupper, inkludert studentar med ulike funksjonshemminger
- tilby alle profesjonsstudium på bachelor- og masternivå både som heil- og deltids- og nær- og fjernstudium, tilpassa læringsituasjonen til den einskilde
- vurdera og utvikla alle studium fagleg, pedagogisk og teknologisk etter ein kombinert modell for fleksible undervisningsformer
- styrkja kompetanse til personalet teknologisk og pedagogisk for fleksible undervisningsformer
- organisera prosjekt for å utviklinga studietilboda i tverrfaglege team
- organisera erfaringsutveksling på tvers av avdelingane

*Føresetnader for å iverksetja måla er:*

- fleksible studium har god forankring i fagmiljøa på avdelingane
- sentralt etablert pedagogisk utviklingscenter
- høgt kvalifisert støttepersonale med spisskompetanse innan pedagogikk og teknologi i bruk av IKT
- funksjonelle og faglege nettverk på tvers av avdelingane organiserte gjennom eit pedagogisk utviklingscenter
- nært samarbeid og tydeleg ansvars- og oppgåvefordeling mellom avdelingane og pedagogisk utviklingscenter
- rutinar for systematisk opplæring og brukarstøtte
- merittering av innsats
- rutinar for fagleg og administrativ kvalitetssikring, inkludert forvaltning av kontraktar og opphavsrettar
- evaluering og overføring av erfaringar mellom einskildpersonar og avdelingar
- klar fordeling av økonomisk ansvar mellom pedagogisk utviklingscenter og avdelingane
- standardiserte system og verkty

### **Val av organisasjonsmodell**

Høgskolen vel ein nettverksmodell som maksimerer innsatsen på avdelingane og minimaliserer dei sentrale funksjonane. Utviklinga av fleksible studium byggjer på dei eksisterande avdelingane for sjukepleie-, sosionom-, diakoniutdanning og for etter- og vidareutdanning og med eit sentralt plassert pedagogisk utviklingscenter.

## **Pedagogisk utviklingssenter - Refleks**

Intensjonen med eit pedagogisk utviklingssenter er å få eit heilskapleg og koordinert perspektiv på dei fleksible studia på Høgskolen. Fag, pedagogikk, bibliotektenester og teknologi skal utgjera eit heile der pedagogikk og teknologi er hjelpemiddel for formidling av fagleg innhald og læring.

### **Pedagogisk utviklingssenter**

- skal vera til disposisjon for studentar og tilsette og gje støtte og inspirasjon til avdelingane
- skal驱a oppsökjande verksemd overfor avdelingane i form av faste konsultasjonar
- skal ha *ein* overordna leiar som sorterer direkte under rektor på lik line med avdelingsleiarane
- leiaren må ha ein fagleg og/eller pedagogisk bakgrunn og vera anerkjent i institusjonen
- må vera organisatorisk og fysisk samla
- har ansvar for at det vert utarbeidd generelt rettleiingsmateriale
- har ansvar for å utarbeida malar for utvikling av studiemateriell og å vurdera om læremidlar utarbeidd på ein avdeling kan tilpassast bruk i andre avdelingar

### **Oppgåver og ansvar i avdelingane**

Avdelingane har det fulle og heile faglege, organisatoriske og administrative ansvaret for å utvikla og tilby fleksible studium til alle målgrupper innan sitt fagfelt. Avdelingane tek sjølv initiativ til utvikling av sine studium.

Studierektør er ansvarleg kontaktperson for pedagogisk utviklingssenter for sin avdeling. Dei fagleg ansvarlege i avdelingane vert frikjøpte i 25 % stilling for utvikling av læremidlar for det tidsrommet som er stipulert for utviklinga av den aktuelle modulen eller læremiddelet. Kompetanseheving skjer primært gjennom deltaking i prosjekt og grupper som utviklar læremateriell, studiehandbøker og studieguidar.

Avdelingane har ansvar for studieadministrasjonen for sine studentar i fleksible studium.

### **Studiemodell og pedagogikk**

I fleksible studium vil Høgskolen tilby kombinasjonar av tradisjonell ansikt til ansikt undervisning og fjernundervisning.

Sjølv om det pedagogiske grunnlaget er det same, vil undervisningsformene i fjern- og nærstudia variera, noko som vil påverka både student- og lærarrolla.

Utvikling av fjernundervisning og fleksible studium krev ein eigen lærarkompetanse, der ein knyter saman fag, pedagogikk og teknikk.

### **FOU**

Alle fagstillingar er tillagde 25 % tid til å forska, utvikla faget og halda seg oppdatert. FOU tid i avdelingane bør i hovudsak gå til fagleg utvikling. Dette er ein føresetnad for oppdaterte studium med høg standard som tåler konkurranse.

FOU tid for tilsette i pedagogisk utviklingssenter må derimot ha spesielt fokus på forsking og utvikling av fleksible studium.

Utvikling av fleksible studium må gjerast legitimt og attraktivt. Å utvikla fjernundervisningsmateriale og sin eigen kompetanse i teknologistøtta undervisning må gjerast meritterande og kompenserast.

## Samarbeid

Samarbeid med nasjonale og internasjonale undervisningsinstitusjonar kan ha føremål som å:

- utvikla kvaliteten på eigne studietilbod
- utvikla og supplera eigen kompetanse
- supplera eigne studietilbod
- nå nye målgrupper
- auka innteninga på Høgskolen ved å selja eigne modular/kurs

I internasjonalt samarbeid er fylgjande område aktuelle:


- studium og modular til skandinavisk språklege studentar
- modular på engelsk til einskildstudentar
- institusjonssamarbeid om utvikling av modular/kurs/fag
- nettverk for lærarar

## Økonomi

Ingen undervisningsinstitusjonar greier omlegging til fjernundervisning utan tilførsel av "friske pengar". Det kan vera aktuelt å søkja SOFF og Undervisnings- og forskningsdepartementet om delfinansiering av omlegginga til fleksibel høgskole for ein periode. For å få til ei omstilling til fleksibel utdanningsinstitusjon treng Høgskolen ekstra midlar til både sentral og lokal opprusting.

## Implementering

**Figur 2 Tidsplan**



Denne tidsplanen føreset at Refleks er ferdig utbygd og i full drift frå 1. januar 2004.

## REFERANSAR

- Askeland, G.A. and Payne, M. (2002) 'Globalisation, Universal Knowledge, Distance Education and Post-Colonial Social Work Education: The Need for Cultural and Linguistic Diversity', Paper presentert på Congress of International Association of Schools of Social Work, Montpellier, Frankrike,
- Askeland, G.A. and Payne, M. (1999) 'Author and audiences: towards a sociology of case recording', *European Journal of Social Work*, 2(1): 55-65.
- Askeland, G. A. (1990) *Deltids desentralisert sosionomutdanning*. DIASOS rapport 30, Diakonhjemmets sosialhøgskole
- Brookfield, S.(1995) *Becoming a Critically Reflective Teacher*, San Francisco, Jossey-Bass Inc.
- Bjørgen, A.M. (2002) 'Tilværelsens uutholdelig "netthet" – fjernstudenters mulighet for bruk av nettbasert læringsmiljøer med familien som læringsmiljø' i Fritze Y., Haugsbakk G., og Rønning R. (2002) *Fleksibilitet som utfordring – noen erfaringer og refleksjoner*, Soff rapport 1/2002
- Bullough Jr, R., Knowles, J. G. and Crow, N.A.(1991) *Emerging as a teacher*, (New York, Routledge)
- Det Norske Diakonhjem. Strategi for 2002-2006. Med delmål og tiltak.
- Dalland, O. og Raustøl, T. (1997) *Praksis, kunnskap og refleksjon. Om deltids sosionomutdannning*. Pensjumtjenesten, Oslo
- Eide, T. E. (2001) 'Nettkurs – merverdi og merarbeid? Erfaringer som student ved et mastergradsstudium ved The OU UK' i Alexandersen, J.(red) m.fl. *Nettbasert læring i høgre utdanning. Noen norske erfaringer*, Soff rapport 1/2001
- Eide, T. E. (2001) 'Personalutvikling I fjernutdanning, fleksibel utdanning og bruk av IKT – notat sendt til de høgre lærestedene I Norge' i Arneberg, P. og Skare, O. (red.) *Personalutvikling i IKT-basert undervisning i høgre utdanning*, SOFF-rapport 2/2001
- Eriksen, T. B. (2001) *Øyeblikkets tyranni. Rask og langsom tid i informasjonsalderen*. Aschehoug
- EU-Kommisjonen, Memorandum om Livslang læring, <http://europa.eu.int/comm/education/life/memoda.pdf>
- Fritze Y., Haugsbakk G., og Rønning R. (2002) *Fleksibilitet som utfordring – noen erfaringer og refleksjoner*, Soff rapport 1/2002
- Garrison, D. R. & Shale, D. (1990): Tilting at Windmills. Destroying Mythology in Distance Education. ICDE Bulletin, 24, s. 42-46.
- Grepperud, G. (2001) 'Når nettene blir mange – Pedagogiske og organisatoriske utfordringar' i Alexandersen, J.(red) m.fl. *Nettbasert læring i høgre utdanning. Noen norske erfaringer*, Soff rapport 1/2001
- Grepperud, G. (2002) 'Når voksnes erfaringer tas på alvor – noen erfaringer med aldersbestemt opptak' i Fritze Y., Haugsbakk G., og Rønning R. *Fleksibilitet som utfordring – noen erfaringer og refleksjoner*, Soff rapport 1/2002
- Gulbraar, K. (2000) *Læringscenter i praksis. Rapport fra et studieopphold ved Sheffield Hallam University Learning Centre*, HiO-notat 2000 nr. 6
- Holmberg, B. (1990): A Paradigm Shiftin Distance Education. Mythology in the Making. ICDE Bulletin, 22, s. 51-55
- Holmberg, B. (1991): Windmills &Paradigm Shifts - A continued Discussion of the Character of DistanceEducation. ICDE Bulletin 26, 23-25.
- Jarmissen, G. (2001) 'Nettstudentar er forbløffende like alle and re studentar – refleksjoner etter en periode som nettstudent på Open University' i Alexandersen, J.(red) m.fl. *Nettbasert læring i høgre utdanning. Noen norske erfaringer*, Soff rapport 1/2001

Knowles, M.S. and Assoc.(1985) *Andragogy in Action*, Jossey-Bass Publishers, San Francisco

Lauzon, A. C & Moore, G. A. B.(1989): A fourth generation distance education system: Integrating computer-assisted learning and computer conferencing. The Am.J. of Dist. Ed., 3:1, 38-49.

Leenderts, T. Aa. (1997) *Person og profesjon : om menneskesyn og livsverdier i offentlig omsorg*, Universitetsforlaget, 2. utg

Løvhaug, J. (2002) 'Føler IKT som ekstra byrde', [www.apollon.uio.no/2002-1/tema/byrde.shtml](http://www.apollon.uio.no/2002-1/tema/byrde.shtml)

Løvhaug, J. (2002) 'Lærerstudentenes IKT revolusjon' [www.apollon.uio.no/2002-1/tema/ikt-revolusjon.shtml](http://www.apollon.uio.no/2002-1/tema/ikt-revolusjon.shtml)

Mason, R (1991) 'Moderating Educational Computer Conferencing', *Deosnews* Vol. 1. No. 19

Myklebust, G. (2001) 'Nettbasert læring I høgre utdanning – en samling norske erfaringer' i Alexandersen, J.(red) m.fl. *Nettbasert læring i høgre utdanning. Noen norske erfaringer*, Soff rapport 1/2001

Nickelsen, T. (2002) 'Hva skjer når læring flyter ut på nettet?', [www.apollon.uio.no/2002-1/tema/ikt-pbl.shtml](http://www.apollon.uio.no/2002-1/tema/ikt-pbl.shtml)

Nonaka, I. & H. Takeuchi: *The Knowledge Creating Company*, Oxford University Press, New York, 1995

Ostendorf, V. (1996) *The two-way video classroom: a practical guide to the design of live instruction at a distance using any type of video system: developed for traditional instructors and any type of course content*, Littleton, Col.

Paulsen. M. F. (1995) 'Moderating Educational Computer Conferences' I Bergen, Z. L. and Collins, M. P. (Eds.) *Computer mediated Communication and the on-line classroom in Distance Education*, Cresskill, NJ: Hampton Press

Rekkedal T. (1995) 'Interntforum for fjernundervisning' Universitetet i Oslo 9. november <http://www.nettskolen.com/pub/artikkel.xsql?artid=103>

Slettebø, T. (1997) 'Inspirasjon for framtidas modeller', *Embla* nr. 7

